Nytt om namn

Meldingsblad
for Norsk namnelag

Nr. 28 -1998

Oslo 1998

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktørar: Botolv Helleland (ansv.), Gulbrand Alhaug, Peter Hallaråker og Lars S. Vikør

Utgjevarstad:
Seksjon for namnegransking
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap
Universitetet i Oslo

Nr. 28 1998

Redaksjonen er avslutta 14. desember 1998

Adresser m.m.

Norsk namnelag, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen. Bankgiro: 6501.41.08704. Kontingenten er 150 kroner for året.

Tidsskriftet *Namn og Nemne,* Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen. Tlf. 55 58 24 22.

Meldingsbladet *Nytt om namn,* Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

INNHALD

LEIAR
G. Akselberg: "...den gamla og so den nya tid..." 2
NORSK NAMNELAG
Styremøte i Norsk namnelag 3
Namn og Nemne 1998 4
KONFERANSAR OG MØTE
Oluf Rygh-symposiet 5
ICOS XX i Santiago de Compostela 5
Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking 5
NAMNEKONSULENTTENESTA
T. Larsen: Samrådingsmøtet for namnekonsulenttenestene 6
T. Larsen: Anna nytt frå namnekonsulenttenestene 7
ANNA MELDINGSSTOFF
Svensk pris til norsk namneforskar 8
Onoma – oversyn over tidsskrift om namn 8
Skotsk meldingsblad om namn 10
S. Lie: Nordisk hovudfag på internett 11
Etternamn – 20 på topp i Noreg, Danmark og Sverige 12
Lady Diana populært kunamn 14
NORMERING OG BRUK AV NAMN
P. Hallaråker: Kjem namn på statlege bygningar inn under stadnamnlova? 15
B. Helleland: Kvar ligg ansvaret for grunnlagsmaterialet ved stadnamnnormering? 20
K. E. Steinbru: Stedsnavnnormering sett i forhold til talemålsendringer 22
G. Indrebø og A. Sommerfelt: Brigde av heradsnamn: *Vik* til *Sømna*, *Brønnøy* til *Harm*, *Kvæfjord* til *Kvefjord* 26
ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN
T. Farbregd: Estiske namn 28
Namneskikkar i Zimbabwe
M. B. Mawena: Namna som shona-folket gir borna sine 29
K. Dube: Namngjeving i ndelebe-samfunnet 33
F. Myrvang: Striden om Møysalen 36
A. Rostvik: Jærmannburet – Jälkarbyn 37
BOKMELDINGAR
G. Alhaug: Namnebok med interessante statistiske opplysningar 38
Å. Wetås: Gerhard Schøning om Nidaros og Trondhiem 40
Mindre bokomtaler 41
OMTALER AV HOVUDOPPGÅVER 42
NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 45
G. Alhaug: Norsk namnebibliografi 1997 45
G. Alhaug: Norsk namnebibliografi 1996 – tillegg 52

LEIAR

"... DEN GAMLA OG SO DEN NYA TID ..."

Den gamle ærverdige *Ringheimskaféen* på Voss har skifta namn. Frå no av skal drøset gå på *Ringside Café*. Kafeen ligg midt i Vangsgata og har lang tradisjon innom kafédrifta. I *Hordaland* av 12. november i år er det ein stor annonse for den offisielle nyopninga av den gamle kafeen med det nye namnet. "Konseptet er no modernisert med stor utvikling innan mat, kaffi og annan drikke servering", står det i annonsen. Namneskiftet vart lagt merke til, og lesarane kvesste pennen før dei skreiv i lokalavisa. Men eigaren er nøgd. "Stormen rundt namnet har lagt seg", seier Jan Fredrik Fleischer Tønjum i eit intervju med *Hordaland*.

Namn vert borte, og med dei kulturhistorie. Vi har lenge vore merksame på det kulturtapet vi får når namna rundt om på gardane forsvinn, særleg "smånamna" på inn- og utmark. Mykje av dette namnestoffet er redda gjennom større og mindre innsamlingsprosjekt, men likevel vert stadig fleire namn borte av di dei gamle driftsmåtane og skikkane snart berre er historie. Om kort tid vert historia borte og, når det ikkje finst nokon som minnest detaljane i den gamle tida lenger. Fyrst går namna ut or bruk, og så vert tradisjons–berarane borte. Skal vi få sikra mest mogleg av denne namneskatten, må innsamlingsinnsatsen styrkjast, og Norsk namnelag ynskjer å vera ein pådrivar i dette arbeidet.

Men det er ikkje berre på grunn av omleggingar i jordbruk og kafédrift at stadnamn vert borte. I det siste har vi sett mange døme på *namnebyte*. Gamle namn går or bruk av di dei ikkje lenger passar inn i det moderne straumlina adressesystemet. Såleis vert eit viktig bruksområde borte for mange tradisjonelle namn med den nye adresserevisjonen til Posten: Dei vert avskaffa som postnummernamn, men lever vidare som lokale gards- eller områdenamn.

Postadressene kan endrast på mange måtar. Til dømes skal postadressene i Åsane halda på dei gamle namna, men postnummera vert endra. 5083 *Øvre Ervik* skal framleis heita *Øvre Ervik*, men skifter postnummer. Derimot skal t.d. 5030 *Landås* og 5037 *Solheimsviken* skifta namn til *Bergen* ved sida av at dei får nye postnummer. Når den offisielle funksjonen er borte, står namnet svakare enn før, og ei viktig side ved den gamle kulturhistoria er tapt.

I iveren etter rasjonalisering vert ikkje berre namn og nummer på postkontora endra, men postkontor vert og lagde ned, særleg på bygdene. 5720 *Palmafossen* og 5710 *Skulestadmo* er no borte og lagde til 5700 *Voss*. Dessutan fører det nye adressesystemet til at gardsnamn vert borte i det offisielle medvitet vårt når dei vert skifte ut med veg- og husnummer. Den offisielle postadressa til bonden Einar Sissner i Vestfold er ikkje lenger *Moe* (som sjølvsagt burde heita *Mo*) eller *Moe gård*, men *Mo terrasse* (*Bondebladet* 29.10.98).

Det finst mange motiv for namneskifte. Val av kafé-, restaurant- og diskoteknamn byggjer oftast på økonomiske motiv. Namna skal appellera til den kjøpekraftige ungdomen og dei godt vaksne, og då må namnekonseptet vera moderne. Dei tradisjonelle namna vert ofra på moderniseringsalteret. Endringar av namn på postkontor og adresser vert gjorde av omsyn til effektivitet, ikkje tradisjon og trivnad. I Danmark har dei gått endå lenger ved å få regionalpostkontor med regionalnamn.

Vi treng ei lov som vernar dei gamle stadnamna våre. *Namnevern* seier den gjeldande namnelova vår ingenting om, men når lova skal reviderast, må det koma med ein paragraf om namnevern. Tom Schmidt er ikkje optimistisk (jfr. *Bondebladet* 29.10.98) av di det er interessemotsetnader mellom fleire departement i adresse- og namnesaker. Ei slik vurdering er eg langt på veg samd i, men det er likevel viktig å setja i gang namnevernarbeidet både med tanke på å skapa haldningsendring og praktiske resultat. Fornminne og gamle hus har i dag juridisk vern, og sjølv om praktiseringa av lova varierer mykje, går utviklinga i rett lei. Også namna må vernast, fyrst ved at ein utarbeider ein juridisk heimel og så gjennom utvikling av praksis.

Gunnstein Akselberg
Bergen

NORSK NAMNELAG

STYREMØTE I NORSK NAMNELAG

Styret i Norsk namnelag hadde møte 10. november 1998 på Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo. Gunnstein Akselberg (formann), Peter Hallaråker, Botolv Helleland, Terje Larsen og Anne Svanevik var til stede. Akselberg og Helleland orienterte om innholdet i *Namn og Nemne* nr 15, som forhåpentlig kommer ut før årsskiftet, og *Nytt om namn* nr 28 (dette nr). I *Namn og Nemne* nr 15 utgjør bokmeldingene en større del enn det som har vært vanlig. Nytt er også at alle artikler har sammendrag på engelsk. Begge redaksjonene oppfordrer alle lesere av tidsskriftet og meldingsbladet til å bidra med stoff om det som rører seg innenfor det norske navnemiljøet.

Akselberg opplyste at Namnelaget pr 9. november hadde 365 medlemmer, en økning på 10 fra i fjor. Lagets økonomi er god, med ca kr 87000 innestående på konto (før trykkingen av årgang 15 er betalt). Videre orienterte han om møte i NORNA (Nordisk samarbeidskomité for navneforskning) i København 3. oktober i år. (Akselberg ble i sommer valgt som norsk representant i NORNA.) Av spesielt interessante saker for Namnelaget kan nevnes at vi ble oppfordret til å skaffe oss hjemmeside på Internett, og at tidsskriftet *Nordic Onomastic Review* kommer til å ta inn de engelske sammendragene fra *Namn og Nemne*.

Utsettelse av landsmøtet

Det ble vedtatt å be medlemmene i Namnelaget om tilslutning til å legge neste landsmøte til mai år 2000. Etter lovene skal landsmøtet holdes hvert tredje år eller [med kortere mellomrom] når styret eller minst 50 medlemmer krever det. Forrige landsmøte ble holdt 22.11.1996. Dermed blir det tre og et halvt år fram til det planlagte møtet. Grunnen til utsettelsen er at Seksjon for navnegransking planlegger å holde den 9. nasjonale konferansen i navnegransking i mai 2000. Styret ønsker å følge opp praksisen med å holde landsmøte i tilknytning til de nasjonale konferansene.

Styret ber med dette om fullmakt til å utsette landsmøtet til mai 2000. De som er imot en slik utsettelse, må sende melding til styret ved formannen Gunnstein Akselberg, Nordisk institutt, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen innen 01.05.1999. Saken blir avgjort ved simpelt flertall.

Gunnstein Akselberg (leder)
Anne Svanevik (referent)

NAMN OG NEMNE 1998

Namn og Nemne 1998 er snart klar til prenting. Vi reknar med å senda ut heftet i slutten av desember. Innhaldet denne gongen er:

Arne Kruse: Sjønamn på médfjella
Vidar Haslum: Mellom språkvitenskap og kartografi. Noen problemstillinger og avveininger knyttet til kartografisk navnebehandling
Inge Særheim: Skulebarninnsamlinga av stadnamn i Rogaland i 1931 – gøymd og gløymd i 50 år
Knut Sæther: Om personnamn i Sunndal på 1700- og 1800-talet
Botolv Helleland: *Saltheller* eller *Salthella*? Ein merknad til eit stadnamn i Kinsarvik
Kåre Flokenes: Askvoll. Namn og stader. Stadnamn som kulturminne
Tuula Eskeland: Skrivemåten av finske stadnamn på Finnskogene
Finn Myrvang: Lofoten og det samiske
Bokmeldingar

Namn og Nemne har i år for fyrste gongen samandrag på engelsk, eit ynske som mange har sett fram gjennom åra for å gjera namnegranskarmiljøet vårt meir synleg internasjonalt.

Gunnstein Akselberg
Bergen

KONFERANSAR OG MØTE

OLUF RYGH-SYMPOSIET

Førebuingane til Oluf Rygh-symposiet på Stiklestad 13.-15. mai 1999 går etter planen, fortel komitémedlem Ola Stemshaug. Det har meldt seg på om lag 70 deltakarar, av dei mange med foredrag. Etter Noreg er Sverige best representert. Mellom deltakarane er det særleg mange frå namnesida. Frå arkeologisk og historisk hald har ikkje interessa vore fullt så stor. Plenumsforedraga kjem til å ta for seg Oluf Rygh frå historisk, arkeologisk og språkvitskapleg side.

Adressa til symposiet er Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, NTNU - Universitetet i Trondheim, 7034 Trondheim. Faksnummer er: (++ 47) 73 59 64 11.

ICOS XX I SANTIAGO DE COMPOSTELA

Den 20. internasjonale kongressen i namnegransking (XXth International Congress of Onomastic Sciences) skal haldast i Santiago de Compostela i Spania 20.-25. september 1999. Kongressen har to hovudtema: a) Tilhøvet mellom stadnamn og personnamn, b) Normering av stadnamn. Hovudtema a) har fylgjande deltema:

1. Lagingsmønster i stadnamn
2. Lagingsmønster i personnamn
3. Stadnamn av personnamn
4. Personnamn av stadnamn
5. Kronologien ved identiske personnamn og stadnamn
6. Formelle kriterium ved gransking av person- og stadnamn
7. Skriftleg overlevering som hjelpemiddel ved namnegransking.

Adressa til kongressen er ICOS 1999. Instituto da Lingua Galega, Praza da Universidade, 4. E-15703 Santiago de Compostela. Faksnummer er: (++) 34 981 572770. E-postadresse: ilgpatro@uscmail.usc.es. Elles finn ein informasjon om kongressen og Santiago de Compostela på: http://www.usc.es/~ilgas/icos/incio.html

DEN 9. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING

Seksjon for namnegransking har vedteke å leggja den 9. nasjonale konferansen i namnegransking til mai i år 2000. Hovudemnet vert "Namn i år 2000". Vanlegvis har desse konferansane vore haldne i midten av november, men denne gongen vert tidspunktet andre halvdel av mai. Nytt er og at konferansen går over to dagar.

Når ein har valt år 2000 for konferansen, heng det saman med at ein ynskjer å nytta dette høvet til å markera namnegranskinga som eit både framtidsretta og tradisjonsberande fag. Som vanleg vil konferansen verta halden på Blindern i Oslo. Meir utførlege opplysningar om konferansen vil koma i eit seinare nummer av *Nytt om namn*.

NAMNEKONSULENTTENESTA

SAMRÅDINGSMØTET FOR NAMNEKONSULENTTENESTENE

Namnekonsulenttenestene hadde det årlege samrådingsmøtet sitt i Tromsø 16.-17. september med konsulenttenesta i Tromsø som arrangør. Møtet var todelt med eit internt konsulentmøte fyrste dagen og eit fellesmøte med Kartverket den andre.

På det interne konsulentmøtet vart ulike fellessaker diskuterte. Stikkord kan vera årsrapportar, verksemdsplan og ulike problem knytte både til normering og namngjeving. Hovudinnlegget vart halde av Kjell Erik Steinbru, Bergen, om stadnamnnormering sedd i forhold til talemålsendringar. Utgangspunktet var at Bergen kommune hadde stilt spørsmålet om ein i den skriftlege stadnamnbruken bør ta større omsyn til dei endringane som har skjedd og stadig skjer i talemålet. Tor Erik Jenstad, Trondheim, synte med døme frå Trøndelag vanskar med å normera når ein har fleire uttalevariantar som alle må sjåast på som nedervde, medan Peter Hallaråker, Volda, tok opp namngjevinga av det nye hovudbygget ved Høgskulen i Volda, og spurde om skrivemåten av namn på statlege bygningar fell inn under stadnamnlova.

På fellesmøtet mellom konsulenttenesta og Kartverket var det seks foredrag med diskusjon etterpå. Håkon Bartnæs, Statens kartverk/Troms, gjorde greie for innsamlinga og kartføringa av namn på økonomisk kartverk i Troms, eit arbeid som varte i 20 år og som til slutt omfatta om lag 36 000 namn. Karsten Lien, Statens kartverk/Landdivisjonen, snakka om "Restansesaker 1 år etter. Hva har vi gjort?", medan Johnny Andersen, Statens kartverk/Landdivisjonen, orienterte om bakgrunnen for Sentralt stadnamnregister, om utviklingsarbeid som har vore gjort, og om tilgangen for namnekonsulenttenestene og andre eksterne brukarar. Ein gjengangar på samrådingsmøta dei siste åra har vore evalueringa av lov om stadnamn, og Anne Svanevik og Terje Larsen frå "evalueringsgruppa" kom med siste nytt om dette arbeidet.

Eit sentralt omgrep i lov om stadnamn er "nedervd lokal uttale", og Kristin Bakken, Oslo, problematiserte omgrepet i eit foredrag med tittelen "Nedarva lokal uttale - et ideal i møte med en foranderlig verden". I det siste foredraget tok Botolv Helleland, Oslo, opp om det er namnekonsulentane eller vedtaksorgana som skal ha ansvaret for å samla inn grunnlagsmateriale som

skal brukast i normeringa. Innlegga til Hallaråker, Helleland og Steinbru er trykte annan stad i dette nummeret av *Nytt om namn*. Ei meir utførleg drøfting av emnet til Bakken er trykt i *Namn og Nemne* 14 (1997).

I tillegg til det reint faglege fekk deltakarane med seg ei interessant omvising på Polaria og Polarmiljøsenteret.

Terje Larsen
Oslo

NAMNEKONSULENTTENESTENE – EVALUERING AV LOV OM STADNAMN

Som nemnt i tidlegare nummer av *Nytt om namn*, arbeider Kulturdepartementet med å evaluera lov om stadnamn. Det er ikkje sett nokon sluttdato for arbeidet, men evalueringa av namnekonsulenttenesta er ferdig. Det blir ikkje endringar i måten å organisera denne tenesta på. Frå 1.11.1998 til 31.10.2004 er desse konsulentane engasjerte:

Namnekonsulenttenesta for samiske og finske namn:
Kjell Kemi (nordsamisk), Samuel Gælok (lulesamisk, ny), Ole Henrik Magga (sørsamisk), Eira Söderholm (finsk).
Namnekonsulenttenesta for norske stadnamn i Nord-Noreg:
Eva Forsaa Mikkelsen (bokmål, ny), Finn Myrvang (nynorsk, ny).
Namnekonsulenttenesta for Midt-Noreg:
Eli Ellingsve (bokmål, ny), Ola Stemshaug (nynorsk).
Namnekonsulenttenesta for Vestlandet:
Ole-Jørgen Johannessen (bokmål), Oddvar Nes (nynorsk)
Namnekonsulenttensta for Austlandet og Agder-fylka:
Kristin Bakken (bokmål, oppnemnd for perioden 1.9.1994 til 31.8.2000), Botolv Helleland (nynorsk).

ANNA NYTT FRÅ NAMNEKONSULENTTENESTENE

Eldar Heide er tilsett som sekretær for namnekonsulenttenesta for norske stadnamn i Nord-Noreg.

Terje Larsen, som er sekretær både for namnekonsulenttenesta for Austlandet og Agder-fylka og for klagenemnda, har flytt til Norsk språkråd. Ny adresse er: Norsk språkråd, Postboks 8107 Dep., 0032 Oslo, telefon: 22 42 40 20, faks 22 42 76 76, e-post terje@sprakrad.no.

NY STILLING FOR NAMNEANSVARLEG KONSULENT FOR TRØNDELAG

Statens kartverk Nord-Trøndelag og Statens kartverk Sør-Trøndelag har gått saman om å oppretta ei ny stilling som namneansvarleg konsulent for dei to fylka. Det er nytt at fylkeskartverka prioriterer dette arbeidet med så store ressursar. I utlysingsteksten vert det lagt vekt på fagleg bakgrunn i norsk, historie og geografi, gjerne relatert til arbeid med stadnamn. Då søknadsfristen gjekk ut 20.11.1998, hadde det meldt seg vel 70 søkjarar.

Terje Larsen
Oslo

ANNA MELDINGSSTOFF

SVENSK PRIS TIL NORSK NAMNEFORSKAR

Kungliga Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur har tildelt Botolv Helleland, Universitetet i Oslo, ein pris på kr. 25.000 for "betydelsefulla insatser för och inom norsk ortnamnsforskning". Prisen vart overrekt Helleland under ein seremoni på Uppsala Slott fredag 6. november. At Helleland er ein forskar som både er produktiv og har stor breidd i si faglige orientering, kan lesaren få eit inntrykk av ved å ta ein titt på namnebibliografien for 1997 i dette nummeret av *Nytt om namn*. For eiga rekning vil signaturen legga til at Helleland – i tillegg til sin faglige innsats – også har spelt ei viktig rolle i administrativ samanheng, både nasjonalt og internasjonalt. Heilt frå 1988 til 1996 var han såleis leiar av *Norsk namnelag*, og i mange år har han seti i FNs komité UNGEGN for standardisering av geografiske namn. Helleland må også prisas for trivselsskapande tiltak for det norske namnemiljøet. Såleis har han etter dei nasjonale namnekonferansane hatt den rause tradisjonen å invitere konferansedeltakarane heim til seg - til rømmegraut og anna godt. Han har mye av æra for at folk trivs i det norske namnemiljøet.

GA

ONOMA – OVERSYN OVER TIDSSKRIFT OM NAMN

ONOMA, tidsskriftet til den internasjonale organisasjonen for namnegransking (ICOS – International Council of Onomastic Sciences) har kome ut med eit nytt nummer (33, 1997) på til saman 237 sider. Oversynsartiklar over namnegransking frå ulike land fyller om lag ein tredjedel av årgangen. Tre av

dei åtte artiklane i denne bolken er skrivne av nordiske forskarar. Marianne Blomqvist, Finland, har skrive om "Finland-Swedish personal names", Svante Strandberg, Sverige, om "Schwedische Namenforschung (1990-1997). Eine Literaturübersicht", og Botolv Helleland, Noreg, om "Norwegische Namen–forschung heute und gestern".

Den andre og største delen av tidsskriftet inneheld artiklar om meir spesielle emne, som Jonathan Museres "Proverbial names in Buganda". Det er fortenestfullt at namnemateriale og namnebruk frå land utanom Europa vert handsama i faglitteraturen. Elles drøftar dei fleste artiklane i denne andre delen emne frå tyskspråklege område.

Til slutt i dette nummeret av *Onoma* har amerikanaren Edwin D. Lawson utarbeidd eit oversyn over internasjonale tidsskrift for namnevitskap. Her finn ein opplysningar om m.a. tittelen på det einskilde tidsskriftet, kva stofftype det er lagt vekt på, utgjevarstad, språk, redaktørar og adresser. E-postadressa til Lawson er lawson@fredonia.edu. E-postadressa til sekretæren for ICOS, som òg er hovudredaktør av *Onoma*, Willy van Langendonck, står på tredje omslagsside i dette heftet. Postadressa til ICOS er: International Centre of Onomastic Sciences, Blijde-Inkomststraat 21, B-3000 Leuven, Belgia.

Me gjev her att titlane med utgjevarstad for dei 32 tidsskrifta som er med i oversynet. Ikkje alle titlane gjeld eigenlege tidsskrift. T.d. er symposie- og kongressrapportane frå NORNA førte opp, likeins årsskrifta frå Ortnamns–sällskapet i Uppsala og Sydsvenska ortnamnssällskapet. Derimot er ikkje års–skriftet til Avdeling/Seksjon for namnegransking med i oversynet.

I nokre høve er meir enn éin stad nemnd i samband med tidsskriftet av di det ikkje går klart fram kva som er utgjevarstad. Dersom ein vil tinga eitt eller fleire tidsskrift, må ein slå opp i det komplette oversynet til Lawson i *Onoma*, eller kontakta han direkte. Seksjon for namnegransking kan òg gje utfyllande opplysningar om dei ulike tidsskrifta. Her er lista i alfabetisk rekkjefylgje:

ACTA ONOMASTICA, Praha, Den tsjekkiske republikken
AINM: BULLETIN OF THE ULSTER PLACE-NAME SOCIETY, Belfast, Nord-Irland
BEITRÄGE ZUR NAMENFORSCHUNG, Heidelberg, Tyskland
BLÄTTER FÜR OBERDEUTSCHE NAMENFORSCHUNG, München, Tyskland
CANOMA, Ottawa, Canada
HANDELINGEN VAN DE KONINKLIJKE COMMISSIE VOOR TOPONYMIE & DIALECTOLOGIE/BULLETIN DE LA COMMISSION ROYALE DE TOPONYMIE & DIALECTOLOGIE, Tongeren/Brugge, Belgia
JOURNAL OF THE ENGLISH PLACE-NAME SOCIETY, Nottingham, Storbritannia
NAAMKUNDE, Leuven, Belgia

NAME GLEANER, THE/LA GLANURE DES NOMS, North York, Ontario, Canada
NAMENKUNDLICHE INFORMATIONEN, Leipzig, Tyskland
NAMES: A QUARTERLY JOURNAL OF ONOMASTICS, New York, USA
NAMN OCH BYGD, Uppsala, Sverige
NAMN OG NEMNE, Bergen, Noreg
NOMINA: JOURNAL OF THE SOCIETY FOR NAME STUDIES IN BRITAIN AND IRELAND, Stamford/Lincolnshire, Storbritannia
NOMINA AFRICANA/AFRICAN NAMES, Pretoria, Sør-Afrika
NORNA-RAPPORTER, Uppsala, Sverige
NOUVELLE REVUE D'ONOMASTIQUE (NRO), Paris, Frankrike
NYTT OM NAMN, Oslo, Noreg
ONOMA: Journal of the International Council of Onomastic Sciences, Leuven, Belgia
ONOMASTICA: PISMO POŚWIECONE NAZEWNICTWU GEOGRAFICZNEMU I OSOBOWEMU, Krakow, Polen
ONOMASTICA CANADIANA, North York, Ontario, Canada
ONOMASTICA SLAVOGERMANICA, Leipzig, Tyskland
ONOMATA: REVUE ONOMASTIQUE, Athen, Hellas
ORTNAMNSSÄLLSKAPETS I UPPSALA ÅRSSKRIFT, Uppsala, Sverige
ÖSTERREICHISCHE NAMENFORSCHUNG, Wien, Austerrike
RIVISTA ITALIANA DI ONOMASTICA (RION), Roma, Italia
SOCIETAT D'ONOMÀSTICA BUTLLETÍ INTERIOR, Barcelona, Spania
STUDIA ANTHROPONYMICA SCANDINAVICA: TIDSKRIFT FÖR NORDISK PERSONNAMNFORSKNING, Uppsala, Sverige
STUDII DE ONOMASTICĂ, Cluj, Romania
SYDSVENSKA ORTNAMNSSÄLLSKAPETS ÅRSSKRIFT, Lund, Sverige
TOPONIMIA, Uviéu, Spania
LE TOPONYME/THE TOPONYM, Québec, Canada

SKOTSK MELDINGSBLAD OM NAMN

Scottish Place-Name News er eit meldingsblad (newsletter) i A4-format, utgjeve av Scottish Place-Name Society. Omfang ca. 12 sider. Det kjem ut to gonger for året og inneheld meldingsstoff om namnefaglege aktivitetar, som konferansar, publikasjonar, prosjekt, institusjonar. Adressa til laget er School of Scottish Studies, University of Edinburgh, Edinburgh EH8 9LD, Skottland. Utgjevaren av meldingsbladet er Simon Taylor, c/o St Andrews Scottish Studies Institute, University of St Andrew, St Andrews KY16 9AL, Skottland. Heimesida til Scottish Place-Name Society:
http://www.st-and.ac.uk/institutes/sassi/spns/spnstop.htm

NORDISK HOVUDFAG PÅ INTERNETT

Frå hausten 1997 er ei gruppe studentar i gang med å ta nordisk hovudfag på nettet ved Universitetet i Oslo. Dei las fellespensum i haustsemesteret 1997 og tok eksamen same semesteret. I vårsemesteret 1998 las dei emnekrinsen grammatikk, i haustsemesteret leksikografi, og til slutt kjem emnekrinsen namnegransking med eksamen våren 1999. Så står hovudoppgåva for tur. Studentane bur på ulike stader i landet og møtest berre på universitetet ein gong i semesteret, forutan ved eksamen, elles føregår det meste på nettet.

Undervisninga er mest å likne med ein samtale på nettet, eller ei diskusjonsgruppe. Studentane les pensum heime etter eit program om lag som på eit vanleg seminar, men diskusjonen føregår på nettet, til dømes ved at ein eller fleire etter tur får spørsmål eller oppgåver som dei skal svare på. Svara legg dei ut på nettet, slik at læraren og dei andre kan lese og kommentere dei. Det blir dermed om lag som eit virtuelt seminar, men i motsetning til vanlege seminar er alle innlegg leselege for dei andre etterpå, slik at alle kan gå tilbake og sjå kva som er sagt før. Det er jo spesielt nyttig når ein skal repetere til eksamen.

Når studentane har teki alle emnekrinsane, skal dei altså skrive hovud-oppgåver. Desse skal vere baserte på emne som har tilknyting til dei store databasane som finst på Institutt for nordistikk og litteraturvitskap. Dei største av desse er innanfor namnegransking og leksikografi; materialet er lagt inn av Dokumentasjonsprosjektet i nittiåra. Meininga er at ein skal kunne sitje i Ålesund eller Bø eller kvar ein no er, og finne fram på nettet til det materialet ein treng for hovudoppgåva, slik mange er vane med å finne bibliografiske opplysningar frå Bibsys og andre databasar. Rettleiinga vil òg naturleg føregå på nettet, truleg mest med e-post ettersom rettleiinga mest er individuell, og da kan ein lett sende utkast til delar av hovudoppgåva til rettleiaren og få kommentar tilbake.

Dette opplegget med såkalla "nettbasert hovudfag" er eit prøveprosjekt, men instituttet vonar at ein på denne måten får røynsler både med fjernundervisning generelt og med bruk av databasane som er tilgjengelege på nettet. Det er gode grunnar til å tru at dette vil bli stadig meir aktuelt både på grunn av den tekniske utviklinga i samfunnet, og ut frå den aukande satsinga på etter- og vidareutdanning.

For namnegranskinga er dette ei positiv utfordring: Det er noko nytt, og ein må leite seg fram til gode måtar å gjennomføre det på, men det gjev fleire studentar tilgang til namnearkiva og dermed nærkontakt med namne-granskinga. Og det vil opne for at også andre enn studentar kan utnytte arkiva i større grad enn i dag. Så dette vil truleg bety at vi kan få både fleire namnegranskarar og auka kunnskap om dei namna vi er omgjevne av.

Svein Lie
Oslo

ETTERNAMN – 20 PÅ TOPP I NOREG, DANMARK OG SVERIGE

Med internett som kjelde ser *Nytt om namn* seg no i stand til å bringa 20 på topp-statistikken for etternamn i Noreg, Danmark og Sverige. For Noreg er det gjeve opp tala både for 1.1. 1998 og september 1998, og dei viser ein jamn nedgang for alle dei 17 vanlegaste etternamna på *-sen*. Av dei tre stadnamna som er med i lista, har *Berg* ein svak tilbakegang, medan *Haugen* og *Hagen* har hatt ein liten framgang. Det ser ut til at folk vil ha namn som dei ikkje må dela med så mange andre. Elles ser ein at *Hansen* framleis er suveren på toppen, med *Olsen* og *Johansen* i skarp kniving om andre- og tredjeplassen. For Danmark er det oppgjeve statistikkar for 1.1.1996 og 1.1.1997. Her og er ein jamn nedgang for toppnamn. For Sverige har me berre funne tala for 31.12.1995. Her er skriftvariantar som *Karlsson* og *Carlsson* slått saman i hovudtala, men fordelinga av dei ulike formene er oppgjevne separat under kvart hovudtal.

NOREG

NR	NAMN	TAL Sept. 98	TAL 1.1.98
1	Hansen	61990	62238
2	Olsen	56987	57160
3	Johansen	56389	56554
4	Larsen	41899	42010
5	Andersen	40776	40867
6	Nilsen	38923	39058
7	Pedersen	38115	38258
8	Kristiansen	25460	25532
9	Jensen	25195	25263
10	Karlsen	23220	23206
11	Johnsen	22154	22262
12	Pettersen	21863	21928
13	Eriksen	20357	20405
14	Berg	18568	18609
15	Haugen	14764	14756
16	Hagen	14577	14560
17	Johannessen	14267	14313
18	Andreassen	12753	12753
19	Jacobsen	12323	12352
20	Halvorsen	12274	12305

DANMARK

NR	NAMN	TAL 1.1.97	TAL 1.1. 96
1	Jensen	323 403	327 434
2	Nielsen	313 825	317 491
3	Hansen	264 448	267 506
4	Pedersen	196 352	197 761
5	Andersen	178 683	180 104
6	Christensen	139 958	141 216
7	Larsen	136 206	138 001
8	Sørensen	130 035	131 113
9	Rasmussen	108 600	109 584
10	Jørgensen	102 777	103 812
11	Petersen	99 332	102 398
12	Madsen	72 707	73 184
13	Kristensen	66 010	66 573
14	Olsen	57 180	59 236
15	Christiansen	41 822	42 157
16	Thomsen	40 903	41 115
17	Poulsen	35 419	36 361
18	Johansen	34 224	34 964
19	Knudsen	33 268	33 863
20	Mortensen	32 303	32 508

SVERIGE

NR	NAMN	TAL 31.12.95
1	Johansson	306 895
2	Andersson	301 421
3	Karlsson	267 107
	Karlsson	237 028
	Carlsson	30 079
4	Nilsson	199 846
5	Eriksson	164 989
	Eriksson	157 724
	Ericsson	4 624
	Ericson	2 641
6	Larsson	143 563
7	Olsson	133 759
	Olsson	129 424
	Ohlsson	4 335
8	Persson	125 752

9	Svensson	123 026
10	Pettersson	113 202
	Pettersson	77 434
	Petersson	35 768
11	Gustafsson	111 837
	Gustafsson	82 421
	Gustavsson	29 416
12	Jonsson	82 572
	Jonsson	65 529
	Johnsson	15 270
	Johnson	1 773
13	Jansson	57 853
14	Hansson	49 394
15	Jönsson	39 436
16	Bengtsson	38 466
17	Magnusson	28 711
18	Lindberg	27 248
19	Olofsson	27 072
20	Lindström	25 714

LADY DIANA POPULÆRT KUNAMN

I *Nytt om namn* nr. 26 melde me om ein "boom" for jentenamnet *Diana* i Storbritannia. Namnet, og då i forma *Lady Diana,* har òg gjort eit kraftig byks oppover på namnestatistikken til norske kyr, melder avisa *Nationen.* Dødsfallet til Lady Diana i 1997 var nok årsaka til at namnet hoppa oppover på ti på topp-lista til kyrne, meiner avisa. Derimot har *Krystle* og *Alexis*, kjende som resp. den gode og den heksete frå tv-serien Dynastiet, rast nedover på statistikken (Dynastiet er forresten forlengst borte frå norske fjernsyns–skjermar). Men framleis er det dei tradisjonelle kunamna som toppar lista: *Dagros, Litago, Rosa, Rødlin, Stjerna* og *Staslin.* Ei medverkande årsak til posisjonen til *Litago* kan vera at dette namnet er nytta på ein jogurtserie.

BH

NORMERING OG BRUK AV STADNAMN

KJEM NAMN PÅ STATLEGE BYGNINGAR INN UNDER STADNAMNLOVA?
Normering av bruk og skrivemåte

Bakgrunn

Den 23. september 1998 overleverte Statsbygg *Berte Kanutte-huset*, som høgskulestyret har fastsett som namn på nybygget ved Høgskulen i Volda. Det er hovudbygget ved høgskulen og inneheld bibliotek, kantine, Avdeling for humanistiske fag og sentraladministrasjonen. Under opninga var det interessant å høyre at statsråd Jon Lilletun i talen sin roste namnevalet samstundes som han harselerte over stadnamnlova og namnegranskarmiljøa.

Dei tre andre avdelingane ved høgskulen utanom Avdeling for humanistiske fag, Avdeling for lærarutdanning, Avdeling for mediefag og Avdeling for samfunnsfag held til i andre bygningar med eigne namn gjevne etter kjende lokale og nasjonale personar: *Henrik Kaarstad-huset* etter grunnleggjaren av Volda lærarskule, Henrik Kaarstad (1865-1927), *Ivar Aasen-huset* etter den velkjende språkmannen frå Ørsta, Ivar Aasen (1813-1896) og *Hans Strøm-huset* etter den framståande topografen Hans Strøm (1726-1797) frå Borgund på Sunnmøre. Den siste er mest kjend for tobindsverket *Physisk og Oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør*, Sorøe 1762-1766.

At ein ved høgskulen både i skriftleg og munnleg språkbruk ofte bruker etterleddet *-bygget* i staden for *-huset* for desse namna, er påfallande, og oftast er det berre etternamnet til desse personane som blir brukte: *Kaarstad-huset* (ofte skrive med "å"), *Aasen-huset* og *Strøm-huset*. Som ein liten kuriositet kan nemnast at gangen mellom Aasen-huset og Strøm-huset av og til blir kalla *Lillestrøm*. Det huset som Ivar Aasen-instituttet no held til i, har fått namnet *Lettbygget*. Andre mindre permanente bygg blir etter tur kalla *A-paviljongen*, *B-paviljongen* og *C-paviljongen*, av og til skrivne på fransk manér. Ein fjerde liten paviljong med svært små kontor, som no er riven, hadde offisielt namnet *D-paviljongen*, men eg sjølv likte betre å kalle han for *Hønsehuset*, til ein viss irritasjon for somme.

Av namnet *Berte Kanutte-huset*, har det alt no utvikla seg nylaga varianter. Fleire av dei som bruker dette namnet – mange unngår det nemleg medvite og omtaler huset som *Nybygget* – kallar det berre *Berte Kanutte*, for det er kortare og såleis rytmisk lettare å bruke. To av undervisningsromma blir kalla *Likje-Berta* og *Store-Berta*, noko som administrasjonen har påtalt i rundskriv. Det vert kravt at ein kallar desse romma for *Berte Kanutte. Auditorium vesle* og *Auditorium store* med adjektivet til slutt, jf. militær rekkjefølgje av typen bukse, under, vinter, makko. Men leiinga har enno ikkje reagert mot uttrykket "eg skal ein tur bortpå Berte Kanutte", eller "har du vore bortpå Berte Kanutte i dag?" Det er elles svært interessant å registrere at

alt etter så kort tid har vi fått ein initialvariant, nemleg BK, som vi kunne kalle eit initialnamn.

I kva grad det er gjort formelle vedtak om andre offisielle namn ved høgskulen enn *Berte Kanutte-huset*, er uklart, men det har i alle høve vore i arbeid namnekomitear som har laga framlegg til administrasjonen, og desse namna var dessutan vedtekne før *Lov om stadnamn* vart sett i verk i 1991.

Heftig debatt

I lang tid før styret gjorde vedtak både om valet av namnet *Berte Kanutte-*huset og valet av skrivemåten, hadde det gått ein heftig debatt i lokalavisene, i miljøet på høgskulen og blant folk i Volda om namnet, først og fremst om valet av sjølve namnet, mindre om skrivemåten. Bakgrunnen var at styret først hadde fått lagt fram ei tilråding frå høgskuledirektøren med stor støtte i fagmiljøet om at huset burde få namnet *Ivar Aasen-huset*, og at namnet på den bygningen der Avdeling for mediefag heldt til, burde endrast til *Sivert Aarflot-huset*. Etter debatt i styret, der det i klartekst vart sagt at det no måtte vere nok av Aasen-namn ved høgskulen, vart saka send tilbake til miljøa for å gje dei meir tid til å vurdere dette framlegget mot andre namn. Hovudgrunnen var nok at mange ville heidre pedagogen Erling Kristvik (1882-1969) ved å namngje nybygget etter han, jamvel om han faktisk ikkje er nemnd i *Store Norske Leksikon*, medan andre syntest at ørstingen Sivert Aarflot (1759-1817) med sin breie og allsidige kulturbakgrunn heller burde symbolisere heile høgskulen. Haugianarkvinna Berte Kanutte Aarflot (1795-1859), dottera til Sivert Aarflot, vart aldri nemnd som kvinneleg kandidat, det vart derimot Synnøve Riste.

Etter ein lang og grundig intern debatt ved høgskulen fekk namnet *Sivert Aarflot-huset* stort fleirtal, og dette vart også fremja av administrasjonen til styremøtet. Argumentasjonen for dette namnet var at Sivert Aarflot var ein av dei store folkeopplysarane m.a. med etableringa av lånebiblioteket 1797, og at han var ein pioner i pressesamanheng med *Norsk Landboeblad* og eige trykkeri i 1809. Men høgskulestyret gjekk på eit benkeforslag på eit namn som ikkje hadde vore nemnt i noko framlegg, nemleg *Berte Kanutte-huset*, dvs. utan å bruke etternamnet Aarflot, visst nok av likestillingsgrunnar. Det var på tide ein fekk inn eit kvinnenamn i mannsbastionen, vart det sagt. Etter dette vedtaket byrja debatten for alvor, men den galdt nok i all hovudsak namnevalet, ikkje skrivemåten. Den var berre så vidt nemnt, men det var faktisk 4-5 skrivemåtar å velje mellom. På dei bøkene ho gav ut, finn vi desse variantane: *Berte Canutte* (1820), *Berte Canutta* (1830), *Berthe Canutte* (1846) – og *Berte Kanutte* (1850)

Stadnamnlova

Så reiste eg spørsmålet i lokalpressa om ikkje namn på statlege bygningar kom inn under stadnamnlova, men var uheldig eller uklar ved samstundes å kommentere valet av namnet ved å seie at Berte Kanutte Aarflot sikkert nok

var ei aktiv og framståande haugianarkvinne på alle måtar, men at ho var motstandar av verdsleg kunnskap. Dette var som ein brannfakkel å kaste ut. Det kunne kanskje verke villeiande å nemne namnevalet, for same kor eg presiserte at stadnamnlova var ei lov som regulerte skrivemåten av stadnamn, ikkje valet av namn, vart det oppfatta slik at eg meinte at val av namn kom inn under stadnamnlova.

Eg skreiv så eit brev til rektor og styreformann Gunnar Stave der eg hevda at det ikkje var usannsynleg at namn på statlege bygningar kom inn under stadnamnlova, og at styret i så fall kunne ha brote stadnamnlova. Her òg burde eg nok ha presisert tydelegare at det var den offisielle skrivemåten eg viste til, ikkje namnevalet. Eg reiste fire spørsmål med kommentarar.

Fire spørsmål med kommentarar

1. Fell namnet inn under stadnamnlova?

Eg skreiv at etter mi tolking av stadnamnlova var det liten tvil om at dette namnet fall inn under lova. Her heiter det nemleg i § 1: "Stadnamn tyder i denne lova namn på geografiske punkt, liner og område som kan kartfestast". Ein fysisk bygning måtte reknast som eit punkt. Det var nemleg ikkje namnet på sjølve institusjonen det var tale om, men ein fysisk bygning plassert på ei statleg og frådelt tomt. Eg hevda at høgskulebygget i namnefagleg og juridisk forstand vart eit namneobjekt som må definerast som eit punkt, og dette objektet var ein statleg eigedom. Ein kunne t.d. jamføre med namn på tunnelar, som faktisk berre er hol i fjellet, eller ferjeleie, som var menneskelaga kaianlegg. Vedtaksretten måtte difor vedkomande statsorgan ha, i dette tilfelle Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet. Eventuell tvil om lovtolkinga på dette punktet burde avklarast av Kulturdepartementet, ikkje av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet eller Statsbygg, slik administrasjonen hadde gjeve uttrykk for.

Merknad: På samrådingsmøtet i Tromsø 16—17. september 1998, der dette spørsmålet var oppe, synest eg Ola Stemshaug avklarte det faglege spørsmålet svært godt. Han sa m.a. at det er ingen tvil om at dette er eit *proprium*, og så får ein vurdere kva for type proprium det kan vere tale om. Eg nemnde så vidt at ein vel kunne tenkje seg at namn på bygningar utgjorde ei særgruppe av namn som ikkje vart definerte som stadnamn. Eg har m.a. sett i engelsk faglitteratur (Leslie Dunkling: *The Guinnes Book of Names,* London 1995) termen "econym" for "house name" sett opp i motsetnad til "toponym" (for "place name"). Men slik eg oppfatta diskusjonen i Tromsø, var det ingen fagfolk der som gav uttrykk for tvil om at eit namn på ein offentleg eller privat bygning må definerast som eit stadnamn.

2. Er rett saksgang følgd?
Dersom lova omfatta dette namnet, som eg gjekk ut frå at ho gjorde, hevda eg at saksgangen ikkje hadde vore korrekt. I § 7 i lova står det nemleg dette om saksgangen i slike saker: "Det organet som gjer vedtak etter § 6 andre til fjerde ledd, skal på førehand leggje saka fram for stadnamnkonsulentane". Dei skal først og fremst gje ei fagleg tilråding om skrivemåten, men kan også gje rettleiing om val av namn. Saka hadde ikkje vore lagd fram for dei.

3. Har Volda kommune fått høve til å uttale seg om namnet?
Eit anna sentralt punkt eg peikte på når det galdt saksgangen, var retten til å uttale seg, og Volda kommune har ein slik rett etter lova. I første avsnitt av § 7 står det nemleg: "Kommunen har rett til å uttale seg før det blir gjort vedtak om skrivemåten av stadnamn i kommunen". Volda kommune hadde ikkje fått høve til å uttale seg.

4. Har høgskulestyret følgt gjeldande praksis når det gjeld skrivemåten av personnamn som del av stadnamn?
Eg nemnde at praksis har vore at ein skriv personnamnet slik vedkomande sjølv skreiv det. Difor skriv ein Kaarstad-huset med "aa" i staden for "å" for ikkje å blande det saman med sonen sitt namn, rektor Olav Kårstad. Eg vedgjekk at dette punktet var vanskelegare å vurdere, fordi Berte Kanutte Aarflot skreiv namnet sitt på fleire måtar, som vi har sett. Det at det kunne vere ein viss tvil om normeringa, måtte likevel tilseie at dei faglege instansane vart høyrde.

Til slutt presiserte eg at det er staten ved høgskulestyret som har vedtaksretten både når det gjeld val av namn og val av skrivemåte på høgskulebygget. Men høgskulestyret er pålagt å rette seg etter stadnamnlova, som først og fremst regulerer skrivemåten av offisielle namn. Etter mi tolking av regelverket hadde høgskulestyret brote lova på to sentrale punkt: Det hadde ikkje lagt saka fram for Stadnamnkonsulentane for Vestlandet (Bergen) for å få ei fagleg tilråding, og det hadde ikkje gjeve Volda kommune høve til å uttale seg om skrivemåten av namnet. Eg meinte det var særleg uheldig at ikkje Volda kommune hadde fått høve til å uttale seg om namnet på eit så sentralt bygg i kommunen.

Høgskulen og Kulturdepartementet
Som ein skjønar, var hovudspørsmålet om namn på statlege bygningar kom inn under stadnamnlova. Etter framlegg frå meg kontakta så styreformannen Kulturdepartementet og slo deretter fast i *Sunnmørsposten* at han hadde fått spørsmålet avklara. Høgskulen hadde ikkje brote stadnamnlova på noko punkt. Eg skreiv då eit brev til Kulturdepartementet og bad om ei oppklaring fordi eg tykte at det var merkeleg at dei kunne avgjere eit så pass vanskeleg spørsmål over telefonen. Etter fleire månader fekk eg svar underskrive av Stein Sægrov og Halldis Sandsdalen, der det står følgjande:

Spørsmålet som vart retta til Kulturdepartementet ved Halldis Sandsdalen frå Høgskulen i Volda og Sunnmørsposten, var om val av stadnamn kom inn under stadnamnlova. Det vart då opplyst at det gjorde det ikkje. Det vart ikkje spurt om, eller teke stilling til, spørsmålet om skrivemåte.

I samband med evalueringa av stadnamnlova som no er under arbeid, vil vi også vurdere denne problemstillinga.

Men i motsetning til det som står i svarbrevet frå Kulturdepartementet, hevda styreformannen at det svaret han hadde fått frå departementet, var dette: *Den (lova) kunne gjelde skrivemåten, men berre dersom namnet på huset inneheld eit geografisk namn.* Namn på statlege bygningar kom såleis ikkje inn under stadnamnlova med mindre dei inneheldt eit geografisk namn, t.d. *Myrahuset, Rotsethuset* e.l., og han heldt fast på denne tolkinga av lova. Høgskulestyret stod difor heilt fritt til å fastsetje både namn og skrivemåte utan fagleg tilråding og utan å følgje vanleg saksgang i namnesaker. Kommunen hadde heller ikkje rett til å uttale seg om skrivemåten, og stadnamnkonsulentane hadde ingenting med ei slik sak å gjere.

Påfallande praksis

For meg ville ei slik ordning vere meir enn påfallande. Ved fastsetjing av skrivemåten på ein liten vegstubb t.d. blir heile apparatet sett i sving, medan fastsetjing av namnet på det mest sentrale statlege bygget i kommunen ikkje skal følgje nokon formell saksgang. For her trengst det ikkje korkje saksføre-buing frå administrasjonen, ingen faglege råd frå namnekonsulentane, og slett ikkje råd frå dei fagleg tilsette, for dei blir oppfatta som motpart av ein eller annan uforståeleg grunn, og kommunen skal ikkje ha rett til å uttale seg.

No i ettertid kan ein nok dra på smilebandet av aggresjonsnivået i denne debatten, men stadnamna inneheld ein sterk psykologisk faktor, som høgskule-styret nok ikkje hadde tenkt på eller var klar over. Eg synest ikkje eventuelle juridiske problem er hovudsaka i dag, men at høgskulestyret utan ein einaste medlem med ein viss fagleg kompetanse i språk og namnegransking i demokratiets namn totalt ignorerte fagfolka i dette spørsmålet. At høgskule-styret i tillegg får ros i raljerande ordelag frå fagstatsråden for denne framgangsmåten, vitnar om eit heilt unødvendig maktovergrep.

Revisjon av stadnamnlova?

Spørsmålet om namn på statlege bygningar kjem under stadnamnlova, er framleis ikkje avklara av departementet, men dei har lova å vurdere det i sam-band med revisjonen av regelverket. Elles har det frå fleire hald kome opp-modingar til departementet om å ta inn i lova reglar om namngjeving og vern av namn.

Peter Hallaråker
Volda

KVAR LIGG ANSVARET FOR GRUNNLAGSMATERIALET VED STADNAMNNORMERING?

Bakgrunn

Ved ei overflatisk tilnærming til spørsmålet om tilhøvet mellom namnekonsulenttenestene og oppdragsgjevarane, som oftast er Statens kartverk, kan stoda karakteriserast slik: Statens kartverk er som offentleg etat pliktig til å fylgja lov om stadnamn når stadnamn skal nyttast på kart o.l. Det inneber bruk av namnekonsulentar, som etter ein nærare fastsett prosedyre gjev si tilråding til Kartverket, som i sin tur gjer vedtak om skrivemåten. Etter at stadnamnlova vart sett i verk 1. juli 1991, har Kartverket i prinsippet fått tilgang til kostnadsfrie namnekonsulenttenester, i og med at Kulturdepartementet har bore utgiftene over statsbudsjettet. Før den tid var det slik at Kartverket og dei andre oppdragsgjevarane betalte tenestene til namnekonsulentane etter rekning. Dette ser ut til å ha vore praksis siden Kartverket tok til å nytta faste konsulentar, den fyrste var Oluf Rygh i 1879.

Ekstramidlar til sekretærhjelp

Frå 1982, altså nesten 10 år før lova vart sett i verk, innførte departementet eit nytt prinsipp. Det tok då på seg ein del av kostnadene med konsulentarbeidet ved å betala for ei høgst påkravd ekstra sekretærhjelp. På denne tida var Per Hovda, som då hadde gått av for aldersgrensa i stillinga som arkivsjef, og Eyvind Fjeld Halvorsen framleis namnekonsulentar, og departementet hadde innsett at det trongst ekstrahjelp. Den fyrste som utførte dette sekretærarbeidet, var Tom Schmidt, frå 1982 til 1987, og deretter Kristin Bakken, frå 1988 til 1991. Ein kortare periode var og Anne Svanevik sekretær.

I proposisjonen til stadnamnlova har departementet gjort kort greie for stoda før lova tok til å gjelda og seier der at det "stiller til disposisjon sakkunnig sekretærhjelp med opptil 200 timar i året. Andre offentlege organ dekkjer sjølve sine utgifter til sakkunnig hjelp". Av merknadene til departementet går det fram at sekretærhjelpa skal kostast av departementet. Vidare heiter det: "Vi er samde i at konsulenthonorara bør dekkjast av departementet, og finn det meir praktisk at konsulentane sender rekningar direkte dit."

Mangelfullt grunnlagsmateriale

Det kan sjå ut som departementet – og Stortinget gjennom sitt lovvedtak – ser på namnekonsulentordninga som eit departementalt ansvar, og at dei ressursane som trengst, må skaffast direkte over statsbudsjettet. No har det vist seg her som på så mange andre omkverve at det apparatet som skal ta på seg oppgåva, ikkje maktar å gjera arbeidet godt nok. Det fører til at mange kartutgjevingar vert forseinka, eller at dei ikkje vert grundig nok handsama, med det resultatet at karta kjem ut med namn som ikkje er skikkeleg kontrollerte. Ein viktig grunn til dette er at konsulenttenestene ikkje har tilgang til det materialet som trengst. Arkiva har til dels ufullstendige samlingar.

Materiale som er samla inn av ikkje-fagfolk, vil det ofte vera naudsynt å kontrollera ekstra, noko det berre i liten grad vert høve til. Resultatet er at det gong på gong vert gjeve ut kart med gamle feil, for ikkje å seia gamle synder.

Kartverket på kant med lova?

Denne situasjonen fører til at Kartverket stadig er på kant med intensjonen i lova. Som kjent pålegg ho offentlege organ å nytta skrivemåtar som er fastsette på grunnlag av den nedervde lokale uttalen. Regelverket seier rett nok at namn som var i bruk på eit offentleg kart før lova tok til å gjelda, skal ha status "godkjent", i prinsippet same kor umogeleg det er. Men dersom det vert reist namnesak på namnet, anten av Kartverket, namnekonsulentane eller andre, må det skaffast dei opplysningane som trengst for at namnet kan få fastsett skriftform etter lova. Nye namn som vert tekne i bruk, skal fastsetjast etter reglane i lova. Dette punktet fylgjer Kartverket godt opp, i motsetning til andre statlege og særleg kommunale etatar, der lovbrota på dette punktet florerer.

Både Kartverket og namnekonsulenttenestene er klare over at det sjølv med auka ressursar til konsulentarbeidet er uråd å gjennomføra ei fullstendig opprusting av namneverket. Slik det er no, gjer naturlegvis båe partar så godt dei kan innanfor det apparatet som står til rådvelde. Men ambisjonen burde vore høgare.

Vekselverknad Kartverket – departementet

Eg meiner Statens kartverk har eit ansvar ut over det å ta mot dei sentralt betalte konsulenttenestene. Det har det òg vist ved nokre høve. Då dei nye utgåvene av N50-karta frå Østerdalen skulle gjevast ut, vart cand.mag. Joleik Øverby engasjert på timebasis for å kontrollera grunnlagsmaterialet på Kartverket si rekning. Det vart då argumentert med at det var mange feil på dei gamle karta, og at Øverby var ein særleg godt kvalifisert person til å gå gjennom materialet og henta inn tilleggsopplysningar. Andre typar innsats som Kartverket har stått for, er tilretteleggingа av maskinleselege lister og tilgang til Sentralt stadnamnregister for namnekonsulenttenestene. Det kan òg nemnast at Kartverket har vore flittig med i diskusjonane om namnefaglege emne på samrådingsmøta.

Departementet, gjennom Språkrådet, har på si side lønt den namnefaglege delen av opplæringskursa som Kartverket har arrangert rundt om i fylka. Departementet har òg gjeve tilskot til innsamling av samiske namn og på den måten gjeve til kjenne at dei har teke på seg eit visst ansvar for material–situasjonen i eit område med spesielle problem.

For store ressursar på saksgangen?

I ein periode var det slik at namnekonsulentane gjekk gjennom heile materialet på karta. Dette er det slutt med. No vert mestedelen av ressursane nytta til den omstendelege saksgangen som fastsetjing av skrivemåten er, i stor grad av

namn som det har kome klage på lokalt, og som gjeld skriftformer som etter hovudregelen ofte ikkje er galne. Dette kan sjølvsagt ikkje Kartverket noko for, men problemet er at mange namn som burde rettast, ikkje kjem så langt. Kartverket har dessutan det problemet at det skal tena pengar, og namne-arbeidet er ein del i kartprosessen som lett fører til forseinking om det skal gjerast grundig. Ein kan lett tenkja seg kva prioritet det faglege namnearbeidet vil få dersom institusjonen vert privatisert.

Konklusjon

Konklusjonen eg vil dra i dette innlegget er at arbeidet med namn ikkje vert vektlagt nok i høve til intensjonen i lov om stadnamn. Det har m.a. å gjera med at grunnlagsmaterialet er ufullstendig, at korkje Kartverket eller namne-konsulentane ser seg syn med å reisa namnesak på dei namna som det er aktuelt for, og at saksbehandlinga tek så mykje av ressursane som kunne ha gått til arbeidet med sjølve namna. Ved ein revisjon av lova vonar eg departementet – i samarbeid med Statens kartverk – kan ta omsyn til dei problema eg har vore inne på.

Botolv Helleland
Oslo

STEDSNAVNNORMERING SETT I FORHOLD TIL TALEMÅLSENDRINGER

Med bakgrunn i situasjonen i Bergen kommune

Hovedutvalget for teknisk utbygging i Bergen kommune tok i fjor sommer opp spørsmålet om kommunens retningslinjer for stedsnavnbehandling bør revi-deres. En viktig problemstilling som ble reist, var om en i den skriftlige stedsnavnbruken bør ta større hensyn til endringene som har skjedd og stadig skjer i talemålet. Statens navnekonsulenter Vestlandet ble også bedt om å uttale seg i saken. Navnekonsulentene gav en foreløpig uttalelse i oktober i fjor. De ba da om å få komme tilbake til saken etter å ha tatt den opp på konsulent-tjenestenes samrådingsmøte i 1998.

Bruken av gatenavn og veinavn er sentral i en sak som denne. Dette er en type navn som blir brukt svært mye både av offentlige instanser og av menigmann. Kommunens egen tabell med gatenavn og veinavn (kalt *Gate/veitabell for Bergen kommune*) gir oss en god oversikt over de eksisterende normeringsformene i denne navnegruppen.

Bymålsformer og bygdemålsformer

Vi har tatt for oss tabellutgaven fra april 1995. Den inneholder til sammen 1796 forskjellige navn. 16 - 17 prosent av disse har tydelig utgangspunkt i bygdemål. (Holdt vi navnene i de sentrale bydelene utenfor, ville denne pro-

sentandelen naturlig nok bli en god del større.) Navn med tydelig bymålspreg utgjør 14 - 15 prosent av den totale navnemassen. Resten kan da betraktes som "nøytrale" navn. Til denne gruppen har vi blant annet reknet vei- og gatenavn med personnavn i forleddet, det vil si navn av typen *Ibsens gate*, *Amalie Skrams vei* og *Christian Michelsens gate*. (Et navn som *Borgermester Platous gate* har vi likevel telt med blant "bymålsnavnene".) Navn med leddene *veg/vei* og *smau* har vi også reknet som nøytrale i denne sammenhengen. (Formene *vei* og *smau* er etterhvert blitt like utbredt i bygdemålene som i Bergens bymål.) Én konklusjon etter dette raske blikket på statistikken må bli at de eksisterende vei- og gatenavnformene i Bergen kommune ligger vel så nært bygdemål som bymål. Utenom de sentrale bydelene, Sentrum, Løvstakken, Landås og Sandviken, finner vi bare omkring 1 prosent bymålsformer.

Eksempler på bymålsformer i de mer "perifere" områdene er *Alvøen skolevei*, *Alvøveien*, *Gjerdehaugene* og *Godviksvingene* i bydelen Loddefjord og *Bjørgelien* i Fyllingsdalen. Alvø-området er litt spesielt siden det på grunn av tidlig tilflytting fra sentrum lenge har vært talt en bymålspreget dialekt her. I de ytre områdene av bydelen Løvstakken har vi bygdemålsformer som *Bønesheia*, *Bøneslia*, *Gullstølsbotn* og *Gullstølslia*. Formen "botn" er ellers brukt en del i eldre bymål også. (I Sandviken finner vi *Munkebotn*.) På Laksevåg er det en vei som kalles *Holalien*, og i bydelen Loddefjord har vi *Østre Stiaberget*. Slike navneformer må kunne kalles "krysningsformer".

Endringer i talemålet

Det er ikke tvil om at det har skjedd og hele tiden skjer endringer i talemålet i Bergen kommune. De største endringene dreier seg om en overgang fra bygdemål til bymål. I hele kommunen ser det ellers ut for at talemålet i en viss grad påvirkes av norsk skriftspråk, da spesielt bokmål. Nær sagt overalt i Bergen kommune er det nå slik at bruk av felleskjønnsformer som *lien* og *gaten* er dominerende i muntlig språk. Mest sannsynlig er dette en utvikling som vil fortsette til alle hunkjønnsformer er "utryddet". Når det gjelder endringer i det rent lydlige, kan vi eksempelvis nevne overgangene fra *gard* til *gård*, *bru* til *bro* og *straum* til *strøm*. Videre skjer det endringer i måten ord (og navn) blir sammensatt på. *Bekkjadal* blir til *bekkedal* og *det stora neset* endres til *det store neset*. Spørsmålet er så om dette *må* få følger for stedsnavnnormeringen.

Tradisjon og nydanning

I denne saken kan det være fruktbart å skille mellom *eksisterende navn* og "*nye navn*". En god del navn har vært i bruk lenge både skriftlig og muntlig. Mange av disse navnene har en stor brukerkrets og blir brukt mye stadig. Det gjelder for eksempel bydelsnavn som *Sandviken* og *Åsane*. Det kan også gjelde "rene" landskapsnavn, eksempelvis *Fanafjellet* og *Ulriken*. Slike navn er så innarbeidd at en vanligvis ikke reflekterer noe over hvilken form de har. De

fleste vil være enige om at denne sorten navn nærmest kan "fredes" både med hensyn til uttalemåte og skriftbilde.

Veinavn blir i mange tilfelle bygd på en type stedsnavn som i lange tider bare har eksistert på folkemunne. Slike stedsnavn kan være godt innarbeidd i sin *muntlige* form. En del av dem kan være skrevet ned i senere tid, men de fleste vil *ikke* ha noen nevneverdig *skrifttradisjon*. (Navn som ikke er skrevet andre plasser enn på lister i et arkiv, kan neppe sies å ha en skrifttradisjon med hevd.) Brukergruppen til slike navn vil ofte være liten. Tross dette vil de aktuelle navnene som regel være godt egnet som grunnlag for veinavn. Personer som ikke kjenner det enkelte stedsnavnet, vil vanligvis likevel ha så pass kjennskap til de lokale språktradisjonene at de vil se sammenhengen mellom nye veinavn og den nedarvede navnekulturen.

Alle veinavn får etterhvert sin tradisjon på linje med andre stedsnavn. Dette gjelder da både den skriftlige og den muntlige bruken av navnene. Bymålstalende personer vil ikke ha problem med å *skrive* verken *Akslabakken*, *Almåslia*, *Austrevågen*, *Bruraleitet*, *Dalhaugane*, *Eldsbakkane* eller *Elvavegen*. (Alle disse navneformene er i bruk som veinavn i Bergen.) Å innarbeide slike veinavnformer i *muntlig* kommunikasjon vil som regel også gå temmelig raskt og knirkefritt. Når en veinavnform har festnet seg på denne måten, vil det neppe være uproblematisk å endre skrivemåten.

En kan si at veinavn bør ha *offentlige former som er tjenlige og praktiske* i både muntlig og skriftlig kommunikasjon, men vi vil tro at det da er tale om andre sider ved navnene enn de som har med motsetningen mellom bymålsformer og bygdemålsformer å gjøre. I Bergen har vi for eksempel en vei med navnet *Statsminister Michelsens veg* og en gate som heter *Gjeble Pederssøns gate*. Slike navn er neppe mer kommunikasjonsvennlige enn navneformer som *Ørnahaugen* og *Vadmyra*. De to sistnevnte navnene blir brukt i områder der bymålet er svært dominerende i dag.

Enhetlig navnemiljø

Hvert stedsnavn, da også veinavn, går inn i et språklig miljø, som vi her kan kalle *navnemiljøet*. Når en by har behov for mer boareal, vil en ofte bygge ut områder som i utgangspunktet er bygdelag og grender. Dette er da områder som har flere hundre år gamle tradisjoner både når det gjelder språk, levesett og ellers. Disse tradisjonene vil en normalt prøve å videreføre så langt det lar seg gjøre. Ett av virkemidlene vil være å la veinavn bygge på eksisterende stedsnavn. Slik oppnår en å få bevart et viktig særpreg ved lokalmiljøet.

Urbaniseringsprosessen vil gå sin gang og de aktuelle bygdelagene går ofte over til å bli rene byområder med tett bebyggelse. Endringer i talemålet blir nærmest uunngåelige, særlig når det foregår stor tilflytting fra en bykjerne like ved. En kan si at *det allmennspråklige miljøet* forandrer seg. Men må dette automatisk få følger for bruken av stedsnavn? Stedsnavnbruken vil alltid være i vekselvirkning med talemålet som blir brukt til enhver tid. Samtidig vil folk likevel ha en tendens til å konservere en del stivnede navne-

former. Dette gjør seg ikke minst gjeldende med navn som blir brukt mye i skriftlig form. Veinavnformer og andre skrevne navneformer lar seg derfor ikke revidere i takt med endringene som skjer i talemålet. I pakt med dette bør en heller ikke ta i bruk nye veinavn uten at en sørger for en viss *tilpasning til det eksisterende navnemiljøet*. I et område der det fra før finnes veinavn som *Myrane*, *Kleivabrotet*, *Steinsvika* og *Tirhøgda* vil det nærmest virke skjemmende å ta i bruk et nytt navn med formen *Løvlien*.

Konsekvens i formverket

Enkelte hovedledd i stedsnavn består av svært vanlige appellativ. Dette kan av og til være med og skape en følelse av at der er et noe "løst" forhold mellom hovedleddet og resten av navnet. I enkelte norske byer har det i skrifttradisjonen vært vakling mellom *-gaten* og *-gata*. Vaklingen har trolig sammenheng med fornorskingen som har skjedd i det allmenne skriftspråket. For de fleste innbyggerne i de aktuelle byene har det alltid vært mest naturlig å si *gata*. Men lenge var *gaten* eneform i normert språk. I de nevnte byene ble derfor mange gatenavn lenge skrevet med formen *-gaten*, og dette sitter delvis igjen ennå både i den skriftlige og den muntlige navnebruken. En del personer (og institusjoner) vil eksempelvis ennå tillate seg å skrive *Storgaten* selv om det offentlige for lengst har vedtatt at det skal skrives Storgata. I Bergen har dette aldri vært noe problem. Alle utpregede gater i denne kommunen ligger i nokså typiske bymålsområde, og som kjent har ordet *gate* alltid hatt felleskjønnsform i Bergens bymål.

På grunn av de spesielle topografiske forholdene i Bergen er her en mengd "rene" naturnavn som har etterledd av ordet li. (Med "rene" naturnavn er det her ment stedsnavn som bare fungerer som navn på naturlokaliteter.) I nylig urbaniserte områder kan navn som tidligere hadde uttalen *-liæ* og som, i den grad de opptrådte i skriftlig form, ble skrevet *-lii* eller *-lia*, i dag bli brukt med formen *-lien*. Enkelte av disse navnene kan det nå gjerne komme på tale å ta i bruk som veinavn. Spørsmålet blir så om veinavnet skal skrives *-lia* eller *-lien*. Her mener vi at hensynet til den gamle stedsnavntradisjonen må tillegges stor vekt. Bruken av tre grammatiske kjønn er et av de viktigste kjennetegnene ved bygdedialektene jamført med bymålet i Bergen. Mange vil oppleve det som verdifullt å få bruke veinavn som forteller noe om den opprinnelige stedsnavnkulturen på stedet. I de tilfellene der det ennå finnes personer som bruker de gamle navneformene, bør det ikke være tvil om hvilken form navnet bør få i skrift. Av og til vil gamle navn som skal tas i bruk som veinavn, være ukjent for de av beboerne som ikke har familiære røtter på stedet. Det kan eksempelvis være snakk om et navn med den nedarvede uttaleformen *Brattaliæ*. Hvis det bare er noen få personer som kjenner og bruker navnet, og da utelukkende med den nevnte uttaleformen, vil det være direkte galt av det offentlige å nytte skrivemåten *Brattelien*. Det finnes ikke lovhjemmel for en slik normeringspraksis. (Jf. § 4 i stedsnavnloven og punkt a og b i § 2-3 i forskriftene.)

Når andre parter har vedtaksrett
NB: Det er viktig å ha klart for seg at den enkelte kommunen *ikke* kan gjøre som den vil i saker der det er snakk om bruksnavn og navn som primært går på naturlokaliteter. Det er Statens kartverk som avgjør hvordan navn skal skrives i disse primærfunksjonene, og ulike offentlige instanser har ikke lov til å bruke forskjellige skrivemåter av ett og samme navnet. (Jf. første avsnittet i § 3 i loven.)

Kjell Erik Steinbru
Bergen

BRIGDE AV HERADSNAMN: *VIK* TIL *SØMNA*, *BRØNNØY* TIL *HARM*, *KVÆFJORD* TIL *KVEFJORD*

Frå arkivet til namnekonsulentane

I Riksarkivet, under arkivet til Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Boks 842 D Namnesaker, har me henta fylgjande utgreiing/tilråding i samband med brigde av heradsnamn i Nordland. Tilrådinga, som er skriven av namnekonsulentane åt Poststyret, er retta til Kyrkje- og undervisningsdepartementet, ligg føre i avskrift frå 14.2.1938, og har overskrifta:

Um å brigda heradsnamnet* Vik *(Helgeland) til* Sømna. *Og* Brønnøy *til* Harm. *(K.D.Jnr. 5552 d/1938).

I minsto fraa 1500-talet reknast heile halvøyi millom Bindalsfjord og Velfjord til *Sømna*. Nordluten kallast *Nordsømn* og sudluten *Sørsømn*. Karl Rygh, Historisk Tidsskrift I bd. (1871) s.97, heldt det for "noget sandsynligt" at *Sømn* upphavleg berre hev vore nytta um sudluten av halvøyi, - av di ein hev gardsnamnet *Sømnes* paa nordodden av Sørsømn.

Same tanken er framsett i Norske Gaardnavne XVI , s.31: "Gaardsnavnet Sømnes kunde tale for, at det (namnet Sømn) kun har tilhørt (Sørsømn)." Underskrivne og held det rimelegast at *Sømn* upphaveleg, so som ordføraren i Brønnøysund hevdar, hev vore halvøyi sud for eidet Bø - Brekk. Paa denne halvøyi ligg Vik kyrkja og hovudluten – den sentrale luten – av Vik herad. Fraa historisk synsstad skulde det daa ikkje vera noko uhøvelegt i aa skifta heradsnamnet *Vik* ut med *Sømna*. Administrativt vilde det vera ei vinning aa skifta, av di ein hev eit anna heradsnamn *Vik* som er meir kjent, og av di *Vik* i det heile er eit vanlegt namn. *Sømna* derimot er eit sermerkt namn. Me [rår] til namnebrigdet *Vik – Sømna*. Do soleis at saki vert lagt fram for heradstyret.

Det hev vore ymse meiningar um kva for ein fjord og kva for ei bygd namnet *Harm* i eldre kjeldor siktar til. P.A.Munch, Historisk-geographisk Beskrivelse over Kongeriket (!) Norge s.65, set *Harm* lik *"Brønnøfjorden"*. I Det Norske Folks Historie II s. 486 lokaliserar han "det Strøg, der kaldtes Harm" til "omkring Torget og Brønø". K. Rygh, Historisk Tidsskrift I bd. s. 102, skriv: "Det er muligt, at navnet egentlig kan have betegnet brugt om selve Brønøhalvøen og altsaa ogsaa om Velfjordens vestkyst". O. Rygh i Norske Fjordnavne s.32 sette fjorden *Harm* lik Velfjorden, og dette hev sidan K. Rygh godteke i Norske Gaardnavne XVI s.49. Det er ikkje radt greidt korleis ein skal tyda alle upplysningar som ligg fyre. Like vel er det etter vaart skyn god grunn til aa tru – som ordførar Høvding hevdar – at bygdi *Harm* hev vore det som sidan vart kalla *Nordsømn* – halvøyi millom Hornsneset og eidet Bø - Brekk, og at fjorden *Harm* hev vore farvatnet fraa Torget og nordetter. Brønnøy herad no er bygdi ikring dette farvatnet, og historisk sét skulde det daa ikkje heller vera so uhøvelegt aa kalla dette heradet *Harm*. Me vil ikkje mæla imot det, dersom heradstyret er samd i namnebyte.

Me hev ikkje med dette teke stoda til den teori som er framsett i brevet fraa ordføraren i Brønnøysund um fjordungsskipnaden paa Helgeland. For namnespursmaalet er ikkje det naudsynt.

Gustav Indrebø. Alf Sommerfelt.

Heradsnamnet Kvæfjord

Denne fråsegna om heradsnamnet Kvæfjord (i Gustav Indrebøs handskrift) er send frå namnekonsulentane til Poststyret 9. mars 1939 til Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

Dei eldste skrivemaatane for namnet er *i Quidiafiorde, Quidiafyrdin, Quidiafyrdi* (Dipl. Norv. VI 227. 229. 349, fraa 1350-80 ?), *i Qwidhiofiordh* (Aslak Bolts jordbok 1430-40).

Til gamalnorsk "normalform" torer ein kunna setja upp *Kviðjufjǫrðr*. Yngre skrivemaatar er *Quefiord* (1610, 1614), *Quæfiord* (1661 og seinare) uttala no er *Kvæ´fjó:r* (Norske Gaardnavne XVII, s.1).

Skrivemaaten *Kvefjord* representerar ein noko eldre, og *Kvæfjord* den noverande segjemaaten. Brigdet *Kvæfjord - Kvefjord* er ikkje paakravt av spraaklege grunnar. Naar der er ynskje um *Kvefjord*, vil me like vel ikkje setja oss imot det.

Gustav Indrebø. Alf Sommerfelt.

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

ESTISKE NAMN

Dei mest populære jentenamna i Estland i fjor var: *Laura, Kristiina, Anette, Birgit, Diana, Liisa/Liis* og *Maarja/Maria.*

Dei mest populære gutenamna var: *Martin, Kristjan, Karl, Kevin* og *Sander.*

Heller ikkje i Estland får barna bestemma sjølve, så i 1997 var det f.eks. jenter som vart heitande *Angry, Dreisy* og *Geya* og nokre uheldige gutar lyt gå omkring og vera *Gail, Jan-Jesaja* og *Unn.*

På grunnlag av namna er det for utlendingar ofte vanskeleg å avgjera om beraren er av hankjønn eller hokjønn. *Inge* og *Terje* er absolutt kvinner. *Meelis* kan ikkje vera anna enn mann.

Stundom veit ikkje estarane sjølve om det er ei kvinne eller ein mann bak namnet. Og når språket ikkje markerer kjønn ved hjelp av pronomen eller artiklar heller, kan det bli forvirring.

Mange namn av estisk opphav er gamle og har lange tradisjonar. Eller dei kan ha oppstått i nyare tid i nasjonal(romantisk) ihuge. Av estisk opphav er f.eks. kvinnenamna *Eha, Epp, Pille* og *Urve*, og mannsnamna *Endel, Lembit, Vahur* og *Vello.*

Estarane ber svært ofte namn av same slaget som me er vane med i Noreg, f.eks. slike som har røter i Bibelen, oppkallingar etter kongar og keisarar osv. Tilpassa estisk språk er dei ikkje alltid like lette å kjenna att. Nokre døme: *Ants = Hans, Asmo = Rasmus, Hando = Anton, Hannes = Johannes, Piret = Birgit, Pärtel = Bertil, Reet = Greta, Riina = Katarina, Tiit = Didrik, Viiu = Sofia.*

Nordiske eller nordiskinspirerte namn har vore populære. Både *Sigrid* (Undset) og *Kristiina* (Lavransdatter) er ofte oppkalla. Son til skeiserennaren Ants Antson fekk sjølvsagt namnet *Fred* (Anton Maier). Me kan mellom anna også møta *Astrid, Harald, Heinar* (dvs. Einar), *Ingrid* og *Olev.*

Eit anna interessant – for ikkje å seia morosamt – kapittel er etternamna. Dersom me ikkje bevarer maska når ein estar presenterer seg som herr *Hallik* eller fru *Kukk*, avslører me berre at vår eigen fantasi er på ville vegar.

Den estiskkyndige oppdagar mange naturnamn på venner og kjenningar, som f.eks. *Allikas* (Kjelde), *Kask* (Bjørk), *Laas* (Villmark), *Meri* (Sjø), *Mägi* (Bakke el. Fjell) og *Saar* (Øy).

Ei gruppe for seg er dyrenamna. Det er familiar som heiter *Ahven* (Abbor), *Haug* (Gjedde), *Ilves* (Gaupe), *Karu* (Bjørn), *Kull* (Hauk), *Luik* (Svane), *Luts* (Lake), *Mutt* (Moldvarp), *Nirk* (Snømus), *Nugis* (Mår), *Rebane* (Rev), *Sipelgas* (Maur), osv. Herr *Kana* (Høne) eller herr *Lehm* (Ku) har me ikkje støytt på enno, men kven veit. I alle fall er Kråka (*Vares*) ute.

Turid Farbregd
Helsingfors

NAMNESKIKKAR I ZIMBABWE

Personnamnskikkar er kulturbundne, veit vi, og når vi får høre korleis dei gjer det i kulturar som for oss verkar "eksotiske", kan det setje våre eigne haldningar til namn og namngjeving i relieff. Ikkje minst interessant er det å sjå kva som skjer når ulike kulturar kolliderer, eller den eine koloniserer den andre. Her skal vi illustrere dette gjennom to skildringar av namneskikkar og kulturkonfliktar i Zimbabwe i det sørlege Afrika. Dette landet vart uavhengig med svart fleirtalsstyre i 1980, etter femten år med eit kvitt rasistregime og britisk kolonialisme før det att. To etniske grupper dominerer Zimbabwe: shona (75 % av folket) og ndebele (15 %) – det området der dei sistnemnde bur, kallast Matabeleland. Dei har kvart sitt ulike språk; begge er bantuspråk, men dei hører til ulike greiner av bantu-familien.

Seksjon for leksikografi og målføregransking ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap har lenge hatt eit samarbeid med Zimbabwes Universitet om utvikling av leksikografiske ressursar for desse to språka. Ei einspråkleg ordbok for shona (gymnasnivå) vart gitt ut i 1996; no blir det arbeidd med ei tilsvarande ordbok for ndebele og ei meir avansert shona-ordbok. Fleire av medarbeidarane på desse prosjekta har hatt kortare eller lengre opphald i Oslo, blant dei Moreblessings Busi Mawena (shona) og Karren Dube (ndebele), som var her vårsemesteret 1998. Vi har bedt dei skrive om namneskikkane i sine folkegrupper for Nytt om namn, med hovudvekt på personnamn; Dube kjem òg stutt inn på stadnamn. Artiklane er omsette frå engelsk av Lars S. Vikør. Dei kan kanskje også illustrere at kvinner (som begge forfattarane er) kan skrive om dette emnet på andre måtar og ut frå andre perspektiv enn menn normalt vil gjere.

LSV

Namna som shona-folket gir borna sine

I motsetning til norsk har ikkje shona eit spesielt inventar av ordformer som berre blir brukte som namn. Dei bruker ord som også hører til shona-språket generelt. Namna er normalt kjønnsnøytrale, sjølv om somme namn kan bli brukte meir for det eine kjønnet enn det andre. Syntaktisk er dei fleste namna fullstendige utsegner eller spørsmål med subjekt, verb og objekt, anten uttrykt eller underforstått. Sidan shona-namna er tekne frå allmennspråket har dei normalt tyding. Anten reflekterer dei omstenda eller vanskane som familien eller individa er i eller har gått igjennom i visse stadium i livet. Eller dei gir ei melding "til den det måtte vedkomme". Slike namn blir sedde på som måtar å kommunisere klager til visse personar. Eller namna er ei forutseiing av karakteren eller lagnaden til eit barn. Men med innføringa av vestleg kultur i Zimbabwe, først gjennom kolonisering og seinare gjennom andre former for

Kartriss over Zimbabwe – med språkgrensa innteikna. (Kartteiknar: B. Helleland)

kontakt, så har denne tradisjonen anten vorte avlagd eller behalden eller overført til engelsk, som vi skal sjå.

Shona-litteraturen viser desse tre måtane å lage namn på. Denne litteraturen er delt i to grove kategoriar som blir kalla "Den gamle verdas litteratur" og "Den nye verdas litteratur". Den gamle verdas litteratur handlar om shona-folket før og kort etter at britane koloniserte Zimbabwe. Her finn vi meir tradisjonelle namn som *Karikoga* og *Runako*, som kjem i den første kategorien av namn med tyding, *Maidei*, som kjem i den andre, og *Muchadura* og *Munhamo*, som hører til i den siste kategorien. Her er namna og dei bokstavelege tydingane deira:

Namn	Bokstaveleg tyding
Karikoga	'den vesle som er åleine'
Runako	'venleik'
Maidei	'kva var det du ville?'
Munhamo	'i ulykke/sorg/pine/vanskar'
Muchadura	'du kjem til å tilstå'

Karikoga er fødd som einebarn, veks opp i einsemd og kjempar sine stridar åleine. *Runako* er eit vakkert barn som er fødd inn i ein vakker familie. *Maidei* er eit spørsmål som blir stilt til personar som blir skulda for å ha forårsaka ulykker kring fødselen til barnet. *Munhamo* møter motgang i livet når mannen hennar blir myrda av ein grisk høvding, og ho og sonen hennar hamnar i ein sårbar situasjon. *Muchadura* lever opp til namnet sitt ved å vere ein person som får folk til å tilstå det galne dei har gjort.

Den nye verdas litteratur fortel om dei endringane som koloniseringa fører til og kontakten og konflikten mellom shonakulturen og vestleg kultur. I Den nye verdas litteratur finn ein både tradisjonelle og vestlege namneskikkar. Vi får tradisjonelle namn som *Muchaneta* og *Rindai*. Her er namna og dei bokstavelege tydingane deira:

Namn	Bokstaveleg tyding
Muchaneta	'du skal slite ned'
Rindai	'hald auge med'

Muchaneta er den urbane kvinna som slit ned alle ho kjem i kontakt med inkludert foreldra hennar og dei ho får intime forhold til. *Rindai* er den gode landsbykona som held auge med den forvilla mannen sin som arbeider i byen.

Vi får og engelske namn som *Lucy, Sheila, Joe, Maggie* og *Pretty*. *Pretty* er rett nok ikkje brukt som namn blant engelskmennene, men shona-folket bruker det som eit "engelsk" namn.

Namneskikkane i litteraturen reflekterer skikkane hos shona-folket slik det er i dag. Før Zimbabwe vart uavhengig i 1980, gav fleire foreldre borna sine engelske namn enn lokale, av ein eller annan grunn. Ein av grunnane var

innføringa av kristendommen: Kristne leiarar oppmuntra foreldre til å ta engelske namn sjølv og gi borna sine slike namn dersom dei ville bli kristne. For å bli kristen laut ein avsverje den "vonde" kulturen sin og det "vonde" namnet sitt og ta opp eit nytt liv med ein ny identitet.

På grunn av slike haldningar kom koloniseringa til å føre med seg ei generell nedvurdering av shona-kulturen og tradisjonane der. Engelsk kultur og engelske tradisjonar vart ikjøtinga av alt som var godt. Derfor begynte den nye afrikanske eliten å gi borna sine engelske namn. Ved sida av dei vanlege vestlege namna som *Monica, Theresa, Rachel* osv., kom det opp ein ny type "vestlege" namn. Den tradisjonelle skikken å gi borna namn med tyding vart overført til engelsk. Liksom i shona vart engelske ordformer som substantiv, adjektiv og adverb namn. Her kjem det nokre døme på slike namn attåt dei shona-namna dei er omsette frå:

"Engelsk"	Shona
Blessing	Makomborero
Prudence	Kuziva
Shame	Nyarai
Freedom	Rusununguko
Trust	Ruvimbo
Beauty	Runako
Pretty/Lovely	Makanaka
Happy	Tafara, osv.

I somme tilfelle representerer slike omsette namn faktisk eit "dobbeltnamn": Borna får både shona-namnet og den engelske omsetjinga som namn. Praksisen for få år sidan var at det "engelske" namnet vart brukt i offisiell registrering. I dag blir anten berre det "engelske" namnet eller begge registrerte.

Sjølvstendet og det nye skolestellet har skapt håp om at dei gamle namne–skikkane til shona-folket skal overleve. Unge foreldre stør generelt opp om desse tradisjonane ved å gi borna sine shona-namn. Eit interessant fenomen er utviklinga av ei særskild namnegruppe, *T-namna,* dvs. namn som begynner på *T*. Når ein lyder på førskoleborn som leikar i skolegarden, hører ein eit kor av T-ar over det heile. Dersom ein skulle lage ei ordbok over shona-namn på born frå dei nyfødde til tolvåringane, ville dei aller fleste oppslaga begynne på *T*. Her er nokre døme på T-namn (*ta-* og *ti-* er subjektmarkørar i preteritum og presens med tydinga 'vi'):

Namn	Bokstaveleg tyding
Tanaka	'vi er blitt gode'
Tatenda	'vi takka'
Tinotenda	'vi takkar'
Tadiwa	'vi har vore elska'
Tinoda	'vi elskar'

Takura 'vi har vakse'
Tafara 'vi er lykkelege'
Tafadzwa 'vi er blitt gjorde lykkelege'

Desse namna er fulle av utsegner retta til Gud, forfedrar, familie, venner og verda generelt. Dei proklamerer glede eller andre kjensler for den nyfødde. Namna reflekterer òg at shona-folket er eit djupt religiøst folk.

Det eg har gjort, er berre å gi eit stutt oversyn over personnamnskikkar i shona pluss nokre døme på populære namn. Biletet er mye meir komplisert enn dette, og kan ikkje framstillast utfyllande på nokre få sider.

Moreblessings Busi Mawema
Harare, Zimbabwe

Namngjeving i ndebele-samfunnet

Det er lange tradisjonar i ndebele-samfunnet for å gi namn med tyding. Det gjeld både namn på stader, elvar, fjell, planter og folk. Namna blir ikkje gitt tilfeldig, men som ein refleks av hendingar eller av det folk observerer. Dette reflekterer observasjonsevna og kreativiteten til folk.

Når born får namn

Born i ndebele-samfunnet får namn på bakgrunn av omstende rundt fødselen deira. Dei kan vere gledelege, eller mindre gledelege. Men det vanlege mønsteret er at ein gjennom namngjevinga uttrykkjer glede og takksemd andsynes Gud for det nye barnet. Det er sjeldsynt at eit barn får namn etter uheldige omstende rundt fødselen.

Det finst par som bruker år på å få barn, av og til har dei heilt gitt opp vona om at det skal skje. Guteborn fødde under slike omstende blir gjerne kalla *Themba* ('håp'), *Thamsanqa* ('hell'), *Sipho* ('gåve'), *Bhekithemba* ('sjå på håpets venleik'), *Bekezela* ('ver tolmodig'), *Thabani* ('ver lykkeleg'), *Nhlanhla* ('hell'), *Ndabezinhle* ('godt nytt'). Jenteborn blir gjerne kalla *Nomathemba* ('håpets mor'), *Nonhlanhla* ('hellets mor'), *Nothabo* ('lykkas mor'), *Sihle, Nomusa* (begge desse tyder 'godheit', fordi Gud har vore god ved å gi dei eit barn), *Nqobile* (som tyder at foreldra fekk barn mot alle odds).

Dei førstefødde innanfor eit ekteskap er rekna som ei velsigning av sjølve ekteskapet. Dei blir ofte kalla *Mzingaye*, som tyder at foreldra har ein verkeleg heim no da dei har fått barn. Ein heim i ndebele-samfunnet blir ikkje rekna som fullstendig utan barn. Førstefødde gutar blir ofte kalla *Ngqabutho*, som tyder 'førstefødd', eller dei kan kallast *Zibusiso*, som tyder 'velsigning', eller *Nkosana*, som tyder 'prins', eller *Thokozani* ('ver lykkeleg med oss fordi vi no har eit barn'). Dersom barnet gir familien mye glede, kan han kallast *Mqhele*, som tyder 'krone'. Det betyr bokstaveleg at paret er blitt krona eller har fått ein edelstein av Gud gjennom dette barnet. Også førstefødde jenter får

namn som uttrykkjer den gleda dei gir familien. Dei kan kallast *Nongqabutho* ('førstefødd'), *Sibusiso* ('velsigning'), *Lindelwe* ('den vi har venta på').

Ikkje alle born er så heldige at dei blir fødde innanfor ekteskapet. Somme blir forstøytte av fedrane sine, og blir dermed fødde illegitimt. Ein del fedrar nektar for alt ansvar for svangerskapet. Slike born får ofte namn som *Thembelani* ('ha håp'). *Thembelani* vil seie at familien bør setje sine voner til barnet, for ingen veit kva det kan gi familien i framtida. Slike namn er ei forsikring for mora om at ho kan sjå på barnet som ei velsigning trass i alt.

Det finst namn som rett fram uttrykkjer negative omstende rundt fødselen, t.d. *Lahliwe* for jenter, *Mlandulewa* for gutar. Desse namna tyder bokstaveleg 'den som er forstøytt av faren'. Men ndebele-folk unngår til vanleg å gi borna sine namn som peikar på negative omstende fordi dei kan fungere som ei konstant påminning om at barnet er illegitimt.

Born kan komme uventa, men dei kan likevel gi familien glede. Jenter unnfanga på denne måten blir ofte kalla *Simangaliso* ('overrasking') eller *Thamsanqa* ('hell'). Det finst foreldre som prøver å få anten gutar eller jenter, men som berre får born av det motsette kjønnet. Dersom eit par berre får jenter, så vil den siste av dei truleg få namnet *Ntombizodwa* ('berre jenter') eller *Saneliso* ('vi er ferdige, vi vil ikkje ha fleire born'). Det finst kvinner som har vanskelege svangerskap. Alle slike omstende er faktorar i namngjevinga i ndebele-samfunnet.

Det finst tilfelle der born får namn som avspeglar dei store historiske hendingane i landet. Mange born fødde under frigjeringskrigen i Zimbabwe fekk namn som uttrykkjer den allmenne atmosfæren av kaos og forvirring og lengten etter fred som rådde på den tida. Slike namn vart oftast gitt til gutar, namn som *Zwelithini* ('kva tilstand er landet i'), *Zwelifile* ('landet blir øydelagt'), *Sibangilizwe* ('striden vår gjeld landet'), *Nkululeko* ('fridom'), for å nemne nokre få.

Born fødde i ekteskap på tvers av stammegrenser får ofte namn som uttrykkjer at dei har sameint folk av ulike stammer, av og til namn som peikar rett på sjølve ekteskapet. Slike namn er til dømes *Nhlanganiso* ('den som bind oss saman') for gutar, *Nozizwe* ('mor av ulike stammer') for jenter, eller *Sehlule* ('vi har vunne mot alle odds'), som tyder at paret vann over etniske fordommar ved å bli gifte og samanbundne av eit barn.

Moglegheitene til å avleie namn i ndebele er uavgrensa, og derfor er ikkje namneinventaret fast. Språkleg sett kan personnamn på ndebele avleiast ikkje berre frå substantiv, men òg frå andre ordklasser med personnamnaffiks. Personnamn kan avleiast av verb, t.d. *bheka* ('sjå') i namn som *Bhekithemba*, der sisteleddet er substantivet *ithemba* ('håp'), og *Bhekisipho*, der sisteleddet er *isipho* ('gåve'). Vi har òg verbet *bonga* ('takke'), som er utgangspunkt for avleidde namn som *Bongani, Bonginkosi, Sibongile, Sibonginkosi.* I ndebele er *so* eit mannleg nominativaffiks, og *no* eit kvinneleg nominativaffiks. Det er grunnen til at mange jentenamn på ndebele har prefikset *no*. Det betyr *mor til*, og det blir lagt til nokre substantivstammer, t.d. *No + isipho* (gåve) > *Nosipho*,

til verb, t.d. *No + thaba* ('ver lykkeleg') > *Nothabo*, til adjektiv, t.d. *No + mhle* ('venleik') > *Nomhle*. Det finst òg affiks som ikkje er bundne til kjønn, og dei kan brukast til å lage kjønnsnøytrale namn. Dessverre har foreldre med lite utdanning brukt den same måten å avleie namn med på engelsk. Det har ført til namn som verkar rare og som ikkje kan vere personnamn på engelsk, som *Givemore, Trymore, Never, Wonder, Talkmore, Lovemore, Learnmore, Welcome, Prudence, Patience, Memory, Fortunate* og *Precious*, for å nemne nokre få.

I ndebele-samfunnet får somme personar tilnamn som reflekterer anten karakteren deira eller gjerningane deira. Til dømes vart namnet *uMadevu* gitt til ein mann med langt skjegg, mens *uManyanyatha* vart gitt til ein mann utan tenner.

Innverknaden frå kristendommen og kolonialismen gjorde at ndebele-folk ei tid fekk engelske namn og bibelske namn som *John, Simon, George, Jason, Thomas, Moses, Matthew, Jane, Janet, Hilda, Mary, Maria, Sarah,* berre for å nemne nokre få. Det var fordi eit barn måtte ha eit engelsk eller bibelsk namn for å bli døypt og få ein fødselsattest, i og med at engelske namnet vart rekna som heilagt og betre enn det tradisjonelle namnet. Resultatet vart eit mønster der folk hadde to namn, det offisielle engelske namnet og ndebele-namnet. Med tida har mange ndebele-folk fått berre engelske namn.

Etternamn

Etternamn i ndebele-samfunnet har totem bak seg. I nokre vanlege ndebele-etternamn som *Khumalo* representerer totema dei heroiske gjerningane til Khumalo-forfedrane, særleg ndebele-kongane Mzilikazi og Lobhengula som rømde frå zulukongen Shaka for å grunnleggje ndebele-kongedømmet tidleg på 1800-talet. Nokre totem for etternamnet *Khumalo* er *Mntungwa, Ndlangamandla* ('den som tek makta med vald'), *Ndlamadoda* ('han som drap menneske' – Khumalo-ane kjempa i mange krigar). Folk med same etter–namnet i ndebele-samfunnet skal eigentleg ikkje gifte seg med kvarandre fordi dei blir rekna som slektningar.

Det finst ndebele-etternamn som blir brukte av folk som opphavleg stammar frå Rozi-kongeriket, som Mzilikazo (sjå førre avsnittet) assimilerte i sitt rike da han slo seg ned på Zimbabwe-platået. Det er namn som *Ndlovu* ('elefant'), *Ncube* ('bavian'), *Dube* ('sebra'), *Sibanda* ('løve'), *Mpofu* ('elg'). Alle desse namna har tabu knytte til seg; såleis er det tabu for ein person som heiter *Ndlovu* å ete kjøttet av ein elefant.

Stadnamn

Stadnamn vart gitt etter observasjonar av typiske trekk ved eit område. Det er eit område i Matabeleland som heiter *Emaguswini*, som tyder at det har tette skogar; substantivet *Igusu* tyder 'skog'. Det finst eit fjell som heiter *Umfazomithiyo* ('svanger kvinne'). Det ser ut som magen til ei svanger kvinne. Hovudstaden Harare fekk klengjenamnet *Bambazonke* ('grafs til deg

alt') fordi forretningslivet er sentralisert der. Av og til får ein stad namn etter kva som er viktig med staden. Såleis blir den sørafrikanske storbyen Johannesburg kalla *eGoli* ('der det er gull') fordi han er historisk vidkjend for dei svære gullreservane der. Gull er rikdom, og byen blir derfor sedd på som ein stad med store moglegheiter.

Det finst ei elv som heiter *Unyawozibuhlungu* ('vonde føter') fordi soldatane til kong Mzilikazi vaska dei såre føtene sine i ho på den lange marsjen mot Bulawayo (som skulle bli hovudstaden i ndebele-riket). Det er òg ein del plassar med namn vi ikkje veit kva kjem av. Forsking i etymologien til stadnamn vil truleg gi interessant informasjon.

Konklusjon

Eg har gjort ein freistnad på å skildre korleis namngjeving skjer i ndebele-samfunnet. Gjennomgangen viste at namngjeving i ndebele-samfunnet ikkje er tilfeldig, men eit resultat av observasjon og kreativitet. Det krev mye kreativitet å lage eit namn. Eg har gitt døme på namn frå eit vidt spekter. Døma er likevel ikkje på noko vis uttømmande når det gjeld namn som finst eller kan finnast i ndebele-samfunnet.

Karren Dube
Harare (Zimbabwe)

STRIDEN OM MØYSALEN

I første veka av september 1998 har det gått føre seg ein original feide mellom tre kommunar nord i fylket, nemlig Lødingen, Hadsel og Sortland, som etter tur og i beste polaråd har gjort gjeldande territoriale krav på den 1262 m høge Møysalen, høgaste tinden i Vesterålen. Komikken toppa seg då rådmann og assisterande rådmann i Lødingen planta Lødingens digre kommuneflagg i ei steinrøys 200 meter for langt ned - i skodda. Men så er då også førstnemnde i flg. vonde tunger fødd i Hadsel og sjølvsagt ikkje heilt å lite på i ei så kjensleladd sak. Det høyrer med til historia at ideen til det kommunale kapprennet skal vere klekt ut på ein bar i Trondheim for nokre år sidan ein sein nattetime. Om det var is i drinkane, er usagt - i sommar har det iallfall gått så heitt for seg i Vesterålen at Møysalisen har klovna i to. Dei same nordlandske tropenettene slo forresten lofotingane òg, som etterpå meinte å sjå at horna på Svolværgeita hadde nærma seg kvarandre.

Møysal, det er det ordet som norske folkeviser brukar om jomfrubur, det som på gammalnorsk heiter *meyjar*. Attmed den hustak-liknande breen står då òg Møyane sjølv, i stein. Motivet er velkjent som logo for Vesterålen turlag, og sjølve fjellnamnet har vore nytta som namn både på farkostar og anna. Ja, den som søker "Møysalen" på Internett vil under tittelen "Lofoten - mulighetenes øyrike" sjå at det finst dei som gjerne vil ha fjellet til å ligge i Lofoten, plent som dei vil det med Trollfjorden.

Møysalen

Same kor grensa mellom Vesterålen og Lofoten bør reknast, så meiner andre at Møysalen med breen liknar ein damesal til å ri på, endå møysal i den meining er eit historisk ukjent ord. Men det har på ein måte lite å seie, då denne tolkinga for mange er blitt eit faktum etter at prost Sigvard Nielsen på Hadsel prestegard i boka "Eventyr og legender" (1935) dikta om Møysalen "med salkledet som flommer i sol og vind og om natten med en himmelens stjerne på salknappen".

Så kan vi til slutt undrast om det ville ha blitt like mykje alo i media kring dei kommunale brevandringane, og om fjellet ville ha vore ein like sterk turistmagnet, dersom det hadde bore eit prosaisk namn som Høgtinden eller Storfjellet?

Finn Myrvang
Bø i Vesterålen

JÆRMANNBURET – JÄLKARBYN

I nr 27 av *Nytt om namn* s. 28 skriver Kåre Magne Holsbøvåg om namnet *Jærmannburet*. Han menar att namnet kan innehålla ett ord *gjermann*, enl. Rikard Berge synonymt med gno. *gerðamaðr*. Tolkningen får stöd av Harry Ståhl, som i sitt arbete *Ortnamnen i Kopparbergslagen* (Stockholm 1960. Kungl. Vitterhets Historie och Antikvitets Akademiens handlingar. Filosofisk-filologiska serien 7) s. 147 skriver:

> Det vore kanske ej helt uteslutet att som förled i *Jälkarbyn* i Hedemora och *Jälkaråkern* i Hesse by, Stora Tuna, ansätta ett f.ö. ej känt **gærdhakarl,* en motsvarighet till fsv. *gærdhaman* 'gärdeman, den som har uppdrag att inom ett område insamla en gård', 'den som förestår tillredelserna till och anordningarna vid ett samkväm el. gästabud inom ett gille el. skrå' [hänvisn. till Söderwall 1 s. 438], jfr *gärdhafolk* n. med samma betydelse.

Men än är det väl för tidigt att ändra stavningen på kartorna, för det krävs nog flera paralleller.

Med hälsning och tack för ett – alltid – intressant medlemsblad.

Allan Rostvik
Uppsala

BOKMELDINGAR

NAMNEBOK MED INTERESSANTE STATISTISKE OPPLYSNINGAR

Jan Erik Kristiansen og Jørgen Ouren: *Fornavn i Norge. Navnemoter og motenavn.* Ad Notam Gyldendal. Oslo 1998. 159 sider. Kr. 188.

Forfattarane av denne namneboka har ein bakgrunn som ikkje er så vanlig i det norske namnemiljøet. Den eine, Jørgen Ouren, er matematikar - den andre, Jan Erik Kristiansen, sosiolog. Begge arbeider i Statistisk sentralbyrå, og dei er dermed plassert midt i grautfatet når det gjeld å få tilgang til namne–statistiske data. Dei som treng moderne namnemateriale ved universiteta og høgskolane - lærarar og hovudfagsstudentar - må derimot bu seg på langvarige byråkratiske rundar før dei får tilgang til det same namnematerialet. Dei må innom Norsk samfunnsfaglig datatjeneste i Bergen, Datatilsynet og Sentral–kontoret for folkeregistrering før den store dagen kjem da materialet endelig blir utlevert - for t.d. Harstad kommune.

Undertittelen på boka, *Navnemoter og motenavn*, kan høras ut som eit ekko av boka *Navnemode og modenavne* som ein nestor i nordisk personnamnforsking, Eva Villarsen Meldgaard, gav ut i 1993. Men sjølv om titlane liknar på kvarandre, er det stor skilnad i innhaldet. Ein må t.d. leite med lys og lykte etter kurver i boka til Meldgaard, mens det nettopp er namnekurver som er det sentrale innslaget i boka til Kristiansen og Ouren. Til gjengjeld har Meldgaard mange innsiktsfulle kommentarar til namnemotar i dagens Danmark.

Den boka som blir omtalt her, tek for seg namn fyrst og fremst frå ein statistisk synsvinkel. Sjølve grunnstammen i boka er det statistiske registeret over vanlige fornamn (s. 23 - 103). Dette er fornamn som i perioden 1880 - 1997 er brukt på minst 100 personar. Også elles i boka er det statistiske opplysningar som dominerer. Vi får t.d. presentert namnetoppen for dei som er fødd i 1997, dei vanligaste namna i Noreg i tidsrommet 1880-1997 og eit nyttig oversyn over dei namna som har legi på 10-på-topp-listene. Og her er forfattarane rause: Dei gir oss 10-på-topp-lister for kvart einaste år frå 1880 til og med 1997.

Naturlig nok er boka primært retta mot nybakte foreldre. Og for dei er det praktisk at namneregisteret er ordna i ein jentedel og ein gutedel, men for namneforskarar vil dette heller vera ei ulempe: Ein leiter kanskje etter eit spesielt namn på alfabetisk plass, men oppdagar så at ein har hamna i feil avdeling, dvs. blant namna på motsett kjønn. Kanskje det kunne vera ein idé til neste utgåve å markere jentedelen og gutedelen med ulike fargar?

I namneregisteret inngår det til saman 1770 namneformer (stavevariantar som *Tore* og *Thore* er da separate oppslag). Det som særlig er interessant for namneforskarar, er å studere namnekurvene for frekvente namn. Det er ikkje sagt eksplisitt kva for namn som har fått den æra å bli markert med kurver, men etter det eg kan sjå, er grensa her 1000 namneberarar. Dette inneber t.d. at *Gjermund* - med 1302 namneberarar - får ei kurve, derimot ikkje *Hallgeir* (945 namneberarar). Det er tydelig at det er Gjermund Eggen som ligg bak det bykset som *Gjermund* gjør på namnekurva i 1960-åra, for dette oppsvinget kom like etter at han hadde teki tre gull under VM på ski i 1966. Også ein annan populær langrennslaupar, Hallgeir Brenden, kunne ha gledd seg over ei oppløftande kurve etter OL-gull både i 1952 og 1956, men han blir inga kurve til del ettersom "kurvegrensa" i denne namneboka går ved 1000 namneberarar. At *Hallgeir* har ei interessant kurve, kan ein derimot finna ut på grunnlag av tala i boka *Fornavn i tall* (1993) av Ivar Utne. Og her er vi inne på det som kan vera ei ulempe for dei som vil bruke boka som grunnlag for namne–forsking: Ho inneheld mange interessante kurver, men korleis skal ein referere til utsjånaden til ei kurve i ein namneartikkel? Å vise til tal, t.d. ut frå bøkene til Ivar Utne, er eiklare, t.d. at det i perioden 1920-24 var 186 jenter som fekk namnet *Sonja* - mot heile 537 jenter i 5-årsperioden etterpå (1925-29). Her har vi forresten døme på det som den danske namneforskaren Torben Kisbye har kalla idoloppkalling (oppkalling etter Sonja Henie). Det same gjeld *Hallgeir* og *Gjermund* ovafor.

Forlaget kunne gjerne ha påspandert boka tydeligare årsmarkering for kurvene. Når ein ser på kurva til t.d. *Sonja*, kunne ein vente at namnet spratt opp like etter at den nåverande dronninga gifta seg med Harald (1968), og dette finn ein ut stemmer, men p.g.a. lite pedagogisk årstalsmarkering må ein sjå svært nøye på den grafiske framstillinga før ein finn ut av dette. Kurvene til dei kongelige er i det heile teki interessant "lesnad". Såleis får *Ragnhild*, *Astrid* og *Harald* eit kraftig oppsving like etter at dei har kommi til verda. Elles kan ein også i nokre andre tilfelle sjå at norsk historie på 1900-talet speglar seg av i namna. Det er såleis ikkje tilfeldig at *Fred* vart svært populært i 1945 etter den glade fredsvåren.

Eg har ikkje mange kritiske kommentarar til boka. Namnetilfanget burde etter mi meining ha vori avgrensa til dei som er <u>fødde</u> i Noreg. I boka finn vi t.d. *Ngoc* (144 gutar) og *Hong* (140 gutar), men ettersom det ikkje er fødd nokon med desse namna i 1997, kan vi nok gå ut frå at dei er utlendingar. Derimot skal naturligvis "innvandrarbarn" fødde i Noreg vera med, t.d. *Mustafa* (7 gutar fekk dette namnet i 1997).

Forfattarane kan unnskyldas for at dei i namneregisteret ikkje inkluderer frekvensar for namn i 2. og 3. posisjon, t.d. *Hansine* i *Anne Hansine*. I ein del tilfelle kan det nemlig vera problematisk å avgjøra om eit namn i "mellomposisjon" hører til fornamnsdelen, t.d. *Ole Sander Nilsen*. Er *Sander* her fornamn eller slektsnamn? Det er klart at ein del namn ville ha fått heilt andre frekvensar om typiske andrenamn som *Hansine* hadde vori med. Boka

oppgir at det berre er 245 som heiter *Hansine*, men etter det eg kan sjå på grunnlag av andre kjelder, var det atskillig fleire med dette namnet i den perioden som boka tek for seg.

Det er noko overraskande at boka følgjer eit unorsk alfabetiserings–prinsipp. Såleis kjem *Aase* under *A*, mens *Åse* kjem på vanlig plass under *Å*. Namnevariantar er ikkje slått saman under registerdelen (s. 23 - 103), men under kap. 4 (*Navnetoppen 1997*) er variantar slått saman etter "forfatternes subjektive vurdering av hvilke navn som er «de samme»" (s. 115). Dette gjeld stort sett stavevariantar som *Marcus/Markus* og *Thomas/Tomas*, men i nokre tilfelle er også variantar med lydlige forskjellar slått saman, t.d. *Fredrik/Frederik*. Da kan det synas noko inkonsekvent at tilsvarande par som *Katrine/Katherine* ikkje er slått saman.

Hovudinntrykket ein sitt att med etter å ha lesi boka, er at dette er ei interessant og annleis namnebok. Det er fyrste gongen vi i Noreg har fått ei namnebok der det er eit sentralt poeng å vise namneutviklinga i kurver. Her har fyrst og fremst nybakte foreldre fått eit svært nyttig "oppslagsverk". Men også andre namneinteresserte vil finna mye nyttig stoff i denne boka. Og er du ikkje mett på namnestatistikk etter å ha lesi denne boka, kan du halde fram på Internett der den eine av forfattarane, Jørgen Ouren, har lagt ut meir statistikk. Her kan du t.d. finna ut kor mange det er som heiter *Kjell Olsen*, men om det berre er tre eller færre som har same namnet som deg, får du "av personvernhensyn" ikkje oppgitt talet. Internettadressa er: http://www.ssb.no. Du er da inne på heimesida til Statistisk sentralbyrå, og deretter klikkar du deg vidare til namnestoffet under punktet "Litt av hvert".

GA

GERHARD SCHØNING OM *NIDAROS* OG *THRONDHIEM*

Roger Lockertsen. 1998. *Gerhard Schøning om bynamna Nidaros og Throndhiem. Eit handskrift frå ca. 1760.* Det kongelige norske viden–skabers selskab. Skrifter 1 - 1998. Trondheim:Tapir. 41 s.

Roger Lockertsen arbeider med ei avhandling om bynamnstriden *Trondhjem – Nidaros – Trondheim* til dr.art.graden. I samband med dette arbeidet har han gitt ut eit handskrift av Gerhard Schøning om dei to bynamna *Nidaros* og *Throndhiem*. Originalmanuskriptet etter Schøning er henta frå *Gammel Kongelig Samling nr.987.2* ved Det Kongelige Bibliotek i København, og Lockertsen daterer det forsøksvis til omlag år 1760. I arbeidet med manu–skriptet etter Schøning har han også funne ei yngre avskrift. Lockertsen slår fast at denne viser relativt store diskrepansar i høve til originalhandskriftet, og at ho dermed er av avgrensa verdi.

Handskriftet om dei to namna skal vera meint som opningskapittelet i ei planlagd byhistorie for byen Trondheim. I introduksjonen gir Lockertsen eit

oversyn over det vitskaplege arbeidet til Schøning, og ser også nærare på granskingsmetodane hans. Lockertsen meiner at namnegranskingsarbeidet Schøning gjorde, må reknast som framifrå sett i høve til samtida hans. Vidare kjem det ein kort presentasjon av den faglege striden om opphavet og alderen til dei to bynamna *Nidaros* og *Trondheim (-hjem)*. Kjernespørsmåla i denne striden var kva for eit av dei som var eldste namnet på byen, og om etterleddet *-hjem* i *Trondhjem* var resultatet av ei dansk eller norsk lydutvikling. Lockertsen viser til granskarane D.A.Seip og Gustav Indrebø som to av dei mest sentrale namnefaglege autoritetane som stod mot kvarandre då spørsmålet om namnet på byen var oppe til ordskifte i perioden 1929-31. Mellom granskarane var Indrebø den einaste som bygde drøftinga av dei to bynamna på arbeidet til Schøning.

I innleiinga til handskriftet gjev Lockertsen også ei kort vurdering av hovudresultata til Schøning og ser desse i høve til konklusjonane til Seip og Indrebø. Schøning skal ha meint at det var god dokumentasjon for at *Nidaros* måtte vera det eldste namnet på byen, medan *Trondheim (-hjem)* etter hans syn opprinneleg måtte ha vore namn på området kring byen. Lockertsen viser til at metoden Schøning nytta i arbeidet sitt med dei to namna er studiar av språktilhøva i norrøn skrift halde saman med utviklinga av dialektane. Lockertsen slår fast at det framleis er denne metoden som gjeld innanfor namnegranskinga. Han meiner difor at arbeidet til Schøning må reknast som eit av dei første humanistiske vitskapsverka i Danmark–Noreg. Lockertsen konkluderer også med at Seip nyttar påstandar Schøning hadde avvist alt 170 år tidlegare, og at Schøning i motsetnad til Seip både samanliknar og relativerer kjeldene. I det heile får resultata til Seip hard medfart i kommentarane til Lockertsen.

Hovudresultatet i handskriftet til Schøning er at namnet *Nidaros* er det eldste namnet på byen. *Trondheim* meiner han har blitt teke i bruk som bynamn på eit seinare tidspunkt, og at det har mannsnamnet *Thrander* eller *Trond* som utmerkingsledd. Denne hypotesen om utmerkingsleddet er i nyare tid forkasta. Lockertsen slår fast at med unntak av nett denne namnetolkinga, står hovudresultata til Schøning frå oml. 1760 om namna *Nidaros* og *Trondheim* framleis fast.

Andre delen av skriftet til Lockertsen er ei utskrift av handskriftet etter Schøning og to sider med merknader. Utskrifta er gjort av Arne Gunnar Edvardsen etter ein kopi av originalmanuskriptet.

Åse Wetås
Oslo

ÅRSMELDING 1997 FRÅ SNA

1997-årsmeldinga frå Seksjon for namnegransking består som vanleg av ein rein årsmeldingsdel og ei rekkje faglege artiklar skrivne av tilsette på seksjonen. Redaktør og ansvarleg for årsmeldinga (i eigenskap av seksjonsleiar)

er Botolv Helleland. Dei som bidrege med artiklar, er Kristin Bakken (om namnet *Langlim* i Seljord), Gunhild Birkeland (om normeringsproblem ved nokre namn i Tinn), Margit Harsson (om namneleddet *Des-* i *Desarud*, som er kjent fleire stader i Buskerud) og Tom Schmidt (om utviklinga av det (antatt forsvunne) namnet Karlaruð i Våler i Østfold). Det einaste ikkje-austlandske innslaget er ein artikkel av Åse Wetås (bygd på ei prøveførelesing til nordisk hovudfag), som skriv om mellomalderkjelder som grunnlag for rekonstruksjon av stadnamn, og tek døma sine frå Rogaland.

LSV

PERSONNAMN OG SOSIAL IDENTITET

T. Andersson, E. Brylla og A. Jacobson-Widding: *Personnamn och social identitet.* Konferenser 42. Kungl. Vitterhets-, Historie- och Antikvitets-Akademien, Stockholm 1998

Overskrifta (i svensk form) er tittelen på eit symposium, halde i Sigtuna i 1996, og på rapporten frå same symposiet. Det var ei tverrfagleg tilskiping av nordiske namnegranskarar og sosialantropologar, og rapporten inneheld ei lang rad bidrag fordelt på bolkane "Namn och social kategori", "Kollektiv och individuell identitet". "Namn och samhälle", og "Ande – individ – namn". Det geografiske perspektivet var vidt, som ein kan vente seg når sosialantropologar samlast; det strekte seg frå Bolivia, Zimbabwe og Borneo til Sameland; av moderne "vestlege" samfunn er berre Sverige behandla, rett nok i fleire artiklar. Dei fleste forfattarane er svenske; berre to nordmenn kjem med korte kommentarartiklar, nemleg antropologen Signe Howell og "vår" Botolv Helleland. Vi kjem tilbake med ein grundigare omtale eller melding i neste nummer.

LSV

OMTALER AV HOVUDOPPGÅVER

Vigdis Winge: *Personnavn i middelalderballader.* Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo. Våren 1998. 174 sider (inkl. 3 upag. sider) + Appendiks 1 21 sider + Appendiks 2 181 sider.

Denne oppgåva er det første større arbeidet om personnamn i mellomalderballadar (folkeviser) som er skrivi i norsk samanheng. Emnet omfattar eigentleg to fag, namnegransking og folkeminne, og det set spesielle krav både til problemstilling, metode og drøfting. Winge kjenner begge faga godt, og ho har gjort ei tillitvekkjande undersøking, med vide perspektiv og mange interessante resultat.

Oppgåva har desse hovudkapitla: 1) Presentasjon av folkevisesjangeren, 2) Gruppering og karakteristikk av namnematerialet, med eit hovudskilje mellom sjangerspesifikke namn og 'normale' namn (normale namn = namn som òg finst i faktisk bruk), 3) Dei 'normale' namna i visene jamførte med norsk namnebruk generelt, 4) Balladenamn i lys av tradisjonsøkologisk teori (etter Lauri Honko), 5) Kan tradisjonsøkologisk teori kaste lys over opphavet til Heming? og 6) Er balladen eigna som dateringsgrunnlag?

Materialet er henta frå ca. 1900 balladetekstar fordelte på 91 ulike balladetypar. Winge har nytta tekstane slik dei ligg i den store databasen som Balladeprosjektet ved Dokumentasjonsprosjektet (sjå òg Nytt om namn nr. 27, 1998, s. 36) har bygd opp. Det omfattar ca. 2100 namnebelegg fordelte på 249 ulike kvinnenamn og 329 ulike mannsnamn. Appendiks 1 inneheld lister og tabellar over namn frå balladane og frå støttemateriale or folketeljingar o.l. (til kap. 3). Appendiks 2 presenterer norske, danske og svenske tekster til dei fem sentrale visene Falkvord Lommansson, Knut liten og Sylvelin, Mor som gjeng att, Rikeball og Gudbjørg, og Hemings vise.

Oppgåva er eit pionerarbeid som Winge har all ære av. Resultata er viktige og verdifulle i seg sjølv, og vonleg blir dei påakta etter forteneste i begge faga. Stor verdi har òg dei mange viktige problemstillingane, t.d. tilhøvet mellom visenamn og namn i røynleg bruk, herunder kor langt ein kan rekne med at visene har hatt direkte innverknad på namnebruken. Eit anna sentralt spørsmål er kva personnamna kan seie om alderen på balladane, både enkeltvis og som sjanger. Sjølv om Winge ikkje når heilt fram alle stader, har ho iallfall peikt ut leia på ein kyndig måte.

Heilt uforskyldt kom Winge opp i eit materialproblem. Det viste seg nemleg at prosjektet hadde koda Idde i "Idde Hermo" som kvinnenamn (mange belegg, til og med), at dei hadde slått saman Tor som gudenamn og Tor(d) som mannsnamn, og at dei hadde teki for god vare ei så suspekt form som Tyrsing (rimelegvis feil for Tyrfing). Dette vitnar om sviktande fagleg kontroll, og det bør vera ei påminning åt andre om å stille seg prinsipielt kritiske til slikt andrehands massemateriale.

Kristoffer Kruken
Oslo

Magdalena Lechna: *Toponymy in Scotland: An Evidence for Norse-Celtic Linguistic Coexistence.* Mellomaldersenteret, Universitetet i Oslo. H 1997.

This thesis[1] sets out to examine the degree of Norse-Gaelic linguistic contact in Scotland within an area roughly between Inverness and Glasgow, using topographical place-name elements as a basis for its analysis. This would be a

[1]Note that the title would in fact read better without the word *an*.

challenging task for anyone both because there are very few place names of Norse origin in the area in question, and because our knowledge of this sort of contact in areas where the Norse presence was demonstrably greater is still incomplete. Anyone entering this field of study, therefore, is well-advised to gain experience elsewhere first. Since the onomastic evidence is so scant, a detailed historical framework should ideally be provided; and although Scotland has no equivalent to Rygh's *Norske Gaardnavne*, there are many relatively up-to-date articles and books which will prevent the student of this field from falling into some of the more obvious pitfalls. For example, English *Oban* is from Gaelic *An t-Oban*, with long *o*, which is not directly from Old Norse: it is made up of G. *òb* and a suffix of place *-an* 'place of the bay', while *òb* is a loan-word from ON *hóp* acc. (in some Gaelic dialects the initial of ON *hóp* > /t/-, so G. *tòb*); and the English form *Kinlochard* is from G. *Ceann Loch Aird* 'the end of the high lake' and has nothing to do with ON fjǫrðr). Reading more widely should also prevent erroneous statements such as that the Gaelic language was brought to Scotland from Gaul, or that the Book of Deer (which contains the earliest extant pieces of continuous text in Scottish Gaelic) was written in 'Pictish-Gaelic'.

For completeness sake, and for ease of access, the place names involved should be listed and catalogued in some way, and due consideration should be given to the distinction between loan-word and loan-name so that, for example, the last elements in Covesea Skerries and Hallinam Skerries are not seen as Old Norse derived names. However, any linguistic analysis remains flawed as long as it relies solely on English written forms for the basis of the analysis of the names themselves and for any analysis of Norse-Gaelic language contact. For example, ON *vík* is said to be G. '/ɔ/ (*-aig*), /v/ (*-bhig*), or /w/ (*-ùig*)'. In fact Gaelic reflexes of ON *vík* are -/(v)ikj/ or /u:kj/(-). In the area chosen, however, the Scots language also needs to be taken into account.

There is plenty of scope for fruitful research into Norse place names and language in Scotland (indeed much of the more scientific work in these fields has been carried out by Norwegian scholars), and the student may profit from including in preliminary reading Magne Oftedal's 'The Village Names of Lewis in the Outer Hebrides', *Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap* XVII, pp. 363-409, and R.A.V. Cox 'The Norse Language in Celtic Scotland', *Proceedings of the Third Symposium of Societas Celtologica Nordica held in Oslo, 1-2 November 1991*, Acta Universitatis Upsaliensia, *Studia Celtica Upsaliensia* 1, pp. 27-38.

Richard Cox
University of Edinburgh

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI

Heilt allment legg redaksjonen vekt på å vere romsleg når det gjeld kva for publikasjonar som blir oppførte i *Norsk namnebibliografi*. I utgangspunktet vil det vere aktuelt å føre opp publikasjonar som er i samsvar med eitt eller fleire av desse kriteria:

- Emnet gjeld Noreg
- Forfattaren bur i Noreg
- Publikasjonen er utgjeven i Noreg

Redaksjonen har tidlegare oppmoda lesarane til å sende inn opplysningar om namnestoff frå mindre utbreidde publikasjonar, t.d. lokalhistoriske årbøker, men det er få som har reagert på denne oppmodinga. Ein del av artikkeltitlane i denne namnebliografien er henta frå litteraturkrøniken for Noreg (1997) i *Namn och bygd* 86 (av Gunnstein Akselberg og Gulbrand Alhaug). Elles skal Botolv Helleland, Kristoffer Kruken, Lars S. Vikør og Åse Kari Hansen ha takk for supplerande opplysningar.

Det er nå mogleg å skaffe seg opplysningar om namnelitteratur i ulike databasar på Internett, men problemet her er at det tek noka tid før desse databasane er ajourførte. Såleis har mye av litteraturen frå 1996 fyrst nå kommi inn i basane, mens det framleis manglar opplysningar frå 1997. I denne situasjonen er det mest rasjonelt å operere med to namnebibliografiar, slik det er gjort i dette nummeret:

- Norsk namnebibliografi 1997
- Norsk namnebibliografi 1996 – tillegg

Tilsvarande vil det i haustnummeret for 1999 bli to bibliografiar: ein for 1998, og ein tilleggsbibliografi for 1997.

Gulbrand Alhaug
Tromsø

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 1997

Akselberg, Gunnstein: Namnelag og namnepublikasjonar. I: *Nytt om namn* 25 (1997), s. 3–7.

Akselberg, Gunnstein: [Melding av] Ole Crumlin-Pedersen m.fl. (red.): *Atlas over Fyns kyst i jernalder, vikingetid og middelalder*. Odense 1996. I: *Namn og Nemne* 14 (1997), s. 113–115.

Akselberg, Gunnstein og Gulbrand Alhaug: Nordisk namnforskning 1996. Norge. I: *Namn och bygd* 85 (1997), s. 110–117 (= *NORNA-rapporter* 65).

Akselberg, Gunnstein og Kristin Bakken: Norsk namnegransking i dag. Fagleg utvikling eller status quo? I: Bakken, Kristin (red.) 1997, s. 11–40.

Alhaug, Gulbrand: Norsk namnebibliografi 1994 og 1995 – tillegg. I: *Nytt om namn* 26 (1997), s. 51–52.

Alhaug, Gulbrand: Norsk namnebibliografi 1996. I: *Nytt om namn* 26 (1997), s. 43–51.
Alhaug, Gulbrand: Sjå Akselberg, Gunnstein.
A[lhaug], G[ulbrand]: Nils Hallan 1926–1997. I: *Nytt om namn* 25 (1997), s. 39–41.
A[lhaug], G[ulbrand]: Omtale av hovudoppgåver [Eva Forsaa Mikkelsen, Astrid Sundby Ulsnes, Alf Bjørge Aschim]. I: *Nytt om namn* 26 (1997), s. 38–42.
Andersen, Hadle Oftedal: Navn og narratologi. I: Marianne Blomqvist m.fl. (red.): *Ord och några visor tillägnade Kurt Zilliacus 21.7.1997.* Helsingfors 1997, s. 9–12.
Bakka, Tryggve: *Stadnamn, vegar og verksemd i Dyrheia.* (AmS-Varia 16.) Utg. av Arkeologisk museum i Stavanger. 89 sider.
Bakken, Kristin (red.): *Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking, Blindern 22. november 1996. Namnegransking som studie- og undervisningsfag.* Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo. 1997. 169 sider.
Bakken, Kristin: «Nedervd uttale» av stedsnavn – ei problematisering. I: *Namn og Nemne* 14 (1997), s. 43–58.
Bakken, Kristin: Form and meaning. The basis for name-specific phonological development. I: Ritva Liisa Pitkänen og Kaija Mallat (red.): *You name it. Perspectives on Onomastic Research.* (Studia Fennica Linguistica 7.) Helsinki 1997, s. 21–30.
Bakken, Kristin: Sjå Akselberg, Gunnstein.
Berg, Kaare: Varnes – fortid og fremtid. *Adresseavisen* 12.4.97. /Kronikk./
Birkeland, Gunhild: Stølsnamn på *-rjo/-ro* i Tinn. I: Schmidt, Tom (red.) 1997, s. 19–34.
Bjørkum, Andreas, Botolv Helleland, Eric Papazian og Lars S. Vikør (red.): *Kjell Venås. Målvitskap og målrøkt. Festskrift på 70-årsdagen 30. november 1997.* Oslo 1997. 505 sider.
Bondevik, Jarle: [Melding av] Kåre Hoel: *Bustadnamn i Østfold. 1 Hobøl.* [Utg. av Tom Schmidt.] Oslo 1994. I: *Namn og Nemne* 14 (1997), s. 120–123.
Brylla, Eva: [Melding av] Tom Schmidt (red.): *Norsk stadnamnarkiv 75 år.* I: *Namn och bygd* 85 (1997), s. 182–183.
Edlund, Lars-Erik: Ortnamnsforskning och historieforskning. I: Bakken, Kristin (red.) 1997, s. 41–82.
Ellingsve, Eli Johanne: Oppsummering. I: Bakken, Kristin (red.) 1997, s. 167–168.
Engø, Anne: Karakteriserende personnavn i nyordsmaterialet. I: Boye Wangensteen m.fl. (red.): *Ord om ord 3.* Årsskrift for leksikografi. Oslo 1997, s. 80–82.
Falck-Kjällquist, Birgit: [Melding av] Peter Hallaråker: *Innføring i stadnamn. Innsamling og gransking.* Oslo 1997. I: *Namn och bygd* 85 (1997), s. 158–160.

Flokenes, Kåre: Tap av stadnamn. Stadnamn som kulturminne. I: *Namn og Nemne* 14 (1997), s. 91–106.
Hagen, Jon Erik: Stedslokaliserende *på* og *i*. I: Jarle Bondevik m.fl. (red.): *Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen.* Bergen 1997, s. 62–71.
Hallaråker, Peter: *Innføring i stadnamn. Innsamling og gransking.* Oslo 1997. 280 sider.
Hallaråker, Peter: Namn på stein- og fjellformasjonar. I: *Krystallposten* 3 (1997), s. 4–8 og 20–23.
Hallaråker, Peter: Norsk stadnamngransking og møtet med ålmenta. I: Bakken, Kristin (red.) 1997, s. 159–165.
Hallaråker, Peter: Per Hovda 1908–1997. I: *Namn og Nemne* 14 (1997), s. 11–20.
H[allaråker], P[eter]: Per Hovda 1908–1997. I: *Nytt om namn* 25 (1997), s. 36–39.
H[allaråker], P[eter]: Undersøking av offisielle gatenamn og vegnamn i Møre og Romsdal. I: *Nytt om namn* 25 (1997), s. 26–27.
Hansen, Åse Kari: Forskningsfaget navnegransking. I: Bakken, Kristin (red.) 1997, s. 83–107.
Hansen, Åse Kari: Språkkontakt i gammalt koloniområde. I: *Namn og Nemne* 14 (1997), s. 21–38.
Harsson, Margit: Fire fjorder i Tyrifjorden. I: *Ringerikes blad* 22.12.97.
Harsson, Margit: Frå *Berdórsruð* til *Belse*. Korleis forklare lydendringane? I: Schmidt, Tom (red.) 1997, s. 35–50.
Harsson, Margit: *Kongevegen over Krokskogen*. Hefte utg. av Hole historielag. [Hole 1997.] 50 sider.
Harsson, Margit: Sjå Hoel, Kåre.
Helleland, Botolv: *Berakupen* og *Berdølo*. I: Marianne Blomqvist m.fl. (red.): *Ord och några visor tillägnade Kurt Zilliacus 21.7.1997.* Helsingfors 1997, s. 89–93.
Helleland, Botolv: The Norwegian Place-Name Act. I: *Sixth United Nations Conference on the Standardization of Geographical Names.* (Vol. II. Technical papers. New York, 25 August – 3 September 1992). United Nations. New York 1997, s. 218–219.
Helleland, Botolv: Collection and Data Recording of Place-Names. I: *Sixth United Nations Conference on the Standardization of Geographical Names.* (Vol. II. Technical papers. New York, 25 August – 3 September 1992). United Nations. New York 1997, s. 170–173.
Helleland, Botolv: Report of Norway. I: *Sixth United Nations Conference on the Standardization of Geographical Names.* (Vol. II. Technical papers. New York, 25 August – 3 September 1992). United Nations. New York 1997, s. 141–146.
Helleland, Botolv: Report of the Norden Division. I: *Sixth United Nations Conference on the Standardization of Geographical Names.* (Vol. II

Technical papers. New York, 25 August – 3 September 1992). United Nations. New York 1997, s. 10–13.
Helleland, Botolv: Slektsnamn av stadnamn. I: Schmidt, Tom (red.) 1997, s. 51–61.
Helleland, Botolv: Sosiale og sakrale uttrykk i stadnamn. I: Svante Strandberg (red.): *Ortnamn i språk och samhälle. Hyllningsskrift till Lars Hellberg.* (Nomina Germanica 22.) Uppsala 1997, s. 125–142.
Helleland, Botolv: Evaluering av namnekonsulenttenesta. I: *Nytt om namn* 26 (1997), s. 13–17.
Helleland, Botolv: Heiter du kanskje Anne? I: *På Norske Vinger* 10 (1997), s. 42–45.
Helleland, Botolv: Namn langs Numedalslågen. I: *Heidarheim. Årsskrift for Hedrum historielag 1996–97*, s. 94–102.
Helleland, Botolv: Per Hovda 17/10 1908 – 1/4 1997. I: *Namn och bygd* 85 (1997), s. 93–97.
Helleland, Botolv: Stadnamn og førkristen kult. I: *P2-Akademiet.* [Serie] H. Kulturredaksjonen NRK P2. Oslo 1997, s. 81–91.
Helleland, Botolv: Stadnamn og ressursutnytting på Hardangervidda. I: Sissel Carlstrøm (red.): *Hardangervidda som råstoffkjelde – ein seminarrapport.* Utg. av Hardangervidda museum og kultursenter i samarbeid med Hallingdal folke-museum. Nesbyen 1997, s. 33–44.
Helleland, Botolv: Stadnamna og Bergen. I: *Bergens Tidende* (kronikk), 12.8.97.
Helleland, Botolv: [Melding av] Eva Brylla (red.): *Behövs en ortnamnslag? Handlingar från ett endagssymposium i Uppsala den 20 april 1994.* (Skrifter utgivna genom Ortnamnsarkivet i Uppsala. Serie B. Meddelanden 10.) I: *Namn och bygd* 85 (1997), s. 142–145.
Helleland, Botolv: [Melding av] Jules Herbillon og Jean Germain (red.): *Dictionnaire des noms de famille en Belgique romane et dans les régions limitrophes (Flandre, France du Nord, Luxembourg).* Bd. 1 og 2. Brussel 1996. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 15 (1997), s. 149–151.
Helleland, Botolv: [Melding av] Ernst Eichler m.fl. (red.): *Namenforschung/Name studies/Les noms propres. Ein internationales Handbuch zur Onomastik/An international handbook of onomastics/Manuel international d'onomastique.* Bd. 2. Register I-XXII. (Handbücher zur Sprach- und Kommunikationswissenschaft 11:2.) Berlin – New York 1996. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 15 (1997), s. 166–169.
H[elleland], B[otolv]: Amerikansk stadnamnregister for Noreg. I: *Nytt om namn* 26 (1997), s. 35–37.
H[elleland], B[otolv]: Estland har fått lov om stadnamn. I: *Nytt om namn* 25 (1997), s. 27–29.
H[elleland], B[otolv]: Omtale av hovudoppgåver [Astrid Rode]. I: *Nytt om namn* 26 (1997), s. 42–43.

Hoel, Kåre†: *Bustadnavn i Østfold 2. Skiptvet.* [Utg. av Margit Harsson.] Oslo 1997. 208 sider.
Holm, Gösta: Vinland 'vinrankelandet'. I: *Maal og Minne* (1997), s. 157–160.
Hovda, Per†: Øynamn i Ryfylke. I: *Nytt om namn* 25 (1997), s. 29–32.
Hovdenak, Marit: Geologiske namn. I: *Namn og Nemne* 14 (1997), s. 81–80.
Jenstad, Tor Erik: Analogisk hankjønnsartikkel i gardsnamn – ein notis. I: *Namn og Nemne* 14 (1997), s. 39–41.
Jenstad, Tor Erik: [Omtale av] Kjell Haarstad m.fl. (red.): *Innsikt og utsyn. Festskrift til Jørn Sandnes.* Trondheim 1996. I: *Nytt om namn* 25 (1997), s. 43–44.
Johnsen, Berit: *Kvinnenamn i Ibestad kommune i perioden 1840–1900.* I: *Håløygminne* 78 (1997), s. 78–86 og s. 101–115. [Ved ein feil er Bente Ramsvik oppgitt som forf.]
Korslund, Frode: Navn på stormer. I: *Nytt om namn* 26 (1997), s. 28–31.
Kruken, Kristoffer og Terje Aarset (red.): *Ivar Aasen:* Norsk Navnebog *eller Samling af Mandsnavne og Kvindenavne.* (Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet. Nr. 3.) Volda 1997. 145 sider.
Kruken, Kristoffer: [Melding av] Olof Brattö: *Personnamn i Bohuslän*, bd. 3 og 4. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 15 (1997), s. 137–139.
Kvillerud, Reinert: Informella efternamnsformer i svensk tidningstext. I: *Namn og Nemne* 14 (1997), s. 69–79.
Larsen, Terje: Klagenemnda for stadnamnsaker. I: *Nytt om namn* 25 (1997), s. 16–25.
Larsen, Terje: [Melding av] Peter Hallaråker : *Innføring i stadnamn. Innsamling og gransking.* Oslo 1997. I: *Namn og Nemne* 14 (1997), s. 107–113.
Larsen, Terje: [Omtale av] Peter Hallaråker: *Innføring i stadnamn. Innsamling og gransking.* Oslo 1997. I: *Nytt om namn* 25 (1997), s. 41–43.
Midbrød, Arvid: Bakkebø og Slettebø. I: *Nytt om namn* 25 (1997), s. 14–15.
Midbrød, Arvid: Folkeavstemming om kommunenavnet Eigersund. I: *Nytt om namn* 26 (1997), s. 17–20.
Monsen, Carl Fredrik: Da Monitorbåen fikk sitt navn. *Historieglimt.* Årsskrift for Kragerø og Skåtøy historielag (1997), s. 7–13.
Myhren, Magne: Tvo målføreord *bei* og *beiand* og eit stadnamn *Beia.* I: Boye Wangensteen m.fl. (red.): *Ord om ord 3.* Årsskrift for leksikografi. Oslo 1997, s. 87.
Myrvang, Finn: Namnet *Sortland.* I: *Håløygminne* 78 (1997), s. 69–77.
Namn og Nemne. Tidsskrift for norsk namnegransking. Red. Gunnstein Akselberg og Oddvar Nes. Årgang 14 – 1997. 127 sider.
Narjord, Bjarne: Mannsnavnet Sønvis og bruksnavnet Sønvisgården. I: *Nytt om namn* 26 (1997), s. 24–26.
Nedrelid, Gudlaug: «Eit namn lyt allting hava» – Ivar Aasens *Norsk Navnebog* og den nordiske namnerenessansen. I: Martin Skjekkeland (red.): *Meir om Ivar Aasen. Fem tilskott frå Høgskolen i Agder.* Kristiansand 1997, s. 7–

19. Også i: Arnold Dalen (red.): *Gransking av norsk mål i hundre år etter Ivar Aasen.* (Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab. Skrifter 3.) Trondheim 1997, s. 35–49.

Nes, Oddvar: [Melding av] Reidar Bø m.fl. (red.): *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet.* Band III, Band IV, Brukarrettleiing. Oslo 1994. I: *Namn og Nemne* 14 (1997), s. 116–120.

Nytt om namn. Meldingsblad for Norsk namnelag. Red. Gulbrand Alhaug, Botolv Helleland, Peter Hallaråker og Lars S. Vikør. Nr. 25 – 1997, 48 sider. Nr. 26 – 1997, 52 sider.

Otnes, Hildegunn: Ungdomsskoleelever som navneforskere. Noen metodisk-didaktiske refleksjoner. I: Bakken, Kristin (red.) 1997, s. 121–139.

Rode, Astrid: Personnavn i Bærum i Akershus og Jelsa i Rogaland 1500–1800. I: Schmidt, Tom (red.) 1997, s. 53–78.

Rydving, Håkan: Samiska namngivningsriter i början av 1700-talet. I: *Nytt om namn* 26 (1997), s. 26–28.

Sandnes, Berit: Teignavn som forskingsobjekt – problemer og perspektiver. I: *Namn og Nemne* 14 (1997), s. 59–68.

Sandnes, Jørn: Navneleddet *tun* i norske gårdsnavn, et bidrag til den realhistoriske forståelsen. I: Svante Strandberg (red.): *Ortnamn i språk och samhälle. Hyllningsskrift till Lars Hellberg.* (Nomina Germanica 22.) Uppsala 1997, s. 225–231.

Sandnes, Jørn: Nils Hallan 1926–1997. I: *Namn og Nemne* 14 (1997), s. 7–10.

Sandnes, Jørn: Halsen, Varnes, Stjørdal. *Adresseavisen* 18.4.97.

Sandnes, Jørn og Ola Stemshaug (red.): *Norsk stadnamnleksikon.* 4. utg. Oslo 1997. 536 sider.

Sandøy, Helge: *Norvegr* eller *Noríki*? I: Arnold Dalen (red.): *Gransking av norsk mål i hundre år etter Ivar Aasen.* Trondheim 1997, s. 91–104.

Schmidt, Tom (red.): *Avdeling for namnegransking, Årsmelding 1996.* Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo. 1997. 111 sider.

Schmidt, Tom: Namn på hesjer. Nokre døme frå Randabygda i Nordfjord. I: *Kjelda* 6 nr. 3 (1997). Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, s. 12–15.

Schmidt, Tom: *Reiðulfr – øst- eller vestnordisk*? I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 15 (1997), s. 77–95.

Schmidt, Tom: *Tørnby* og *Tårnby* – eller omvendt? I: *Namn och bygd* 85 (1997), s. 31–50.

Schmidt, Tom: *Vinstri* eller *Vinstre*. Øystre Slidre for turistar. I: Schmidt, Tom (red.) 1997, s. 79–111.

Schmidt, Tom: [Melding av] Mikkjal Miðalberg: *Staðarnøfn í Fugloy.* I: *Málting* 19 nr. 1 (1997). Tíðarrit um føroyskt mál og málvísindi. Tórshavn, s. 18–21.

Schulze, Johan A.: Ymist um kjeldeskrifter, namn og ordformer frå Ytre Telemark. I: *Årbok for Telemark* 43 (1997), s. 71–80.

Stangnes, Helge: [Omtale av] Jørn Sandnes og Ola Stemshaug (red.): *Norsk stadnamnleksikon* 4. utg. Oslo 1997. I: *Nytt om namn* 26 (1997), s. 31–32.
Stangnes, Helge: Namn på Senja. I: *Årbok for Senja* 26 (1997), s. 10–11.
Stemshaug, Ola: Finnanger og Finnforsen, Finnen, Vidfinn og Tatafinn. I: *Maal og Minne* (1997), s. 75–90.
Stemshaug, Ola: Vegens namn – kva er det? I: Svante Strandberg (red.): *Ortnamn i språk och samhälle. Hyllningsskrift till Lars Hellberg.* (Nomina Germanica 22.) Uppsala 1997, s. 253–265.
Stemshaug, Ola: Sjå Sandnes, Jørn.
Strandberg, Svante: [Melding av] Kristoffer Kruken og Ola Stemshaug: *Norsk personnamnleksikon.* 2 utg. Ved Kristoffer Kruken. Oslo 1995. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 15 (1997), s. 154–157.
Svartberg, Ståle (red.): *Vi velger navn. 3800 jente- og guttenavn med betydning og opprinnelse.* Oslo 1997. 143 sider.
Swensen, Grete: Hus og navneskikk. I: d.s.: *Moderne, men avleggs? Foreningers byggevirksomhet i formativt perspektiv 1870–1940.* (Acta Humaniora 27.) Oslo 1997, s. 221–235.
Særheim, Inge: Eldre inndelings- og busetnadsnamn i Sandnes kommune. I: *Frá haug ok heiðni* (1997), s. 36–46.
Utne, Ivar: *Storm* som fornavn for gutt. I: *Nytt om namn* 26 (1997), s. 20–23.
Veka, Olav: Haug, Haugen, Haugan, Hauge og 63.000 andre etternamn. I: *Nytt om namn* 25 (1997), s. 32–35.
Venås, Kjell: Bunden eller ubunden form i innsjønamn frå Telemark. I: Bjørkum, Andreas m.fl. (red.): s. 417–436.
Venås, Kjell: Kjært barn med to namn. *Noreg* og *Norge*. I: Bjørkum, Andreas m.fl. (red.) 1997, s. 399–408. /Opptrykk frå *Syn og Segn* 1983, s. 373–379./
Venås, Kjell: Nokre artiklar frå *Norske innsjønnamn III* (1987). I: Bjørkum, Andreas m.fl. (red.) 1997, s. 411–416. /Opptrykk frå *Norske innsjønamn III*. 1987./
Venås, Kjell: Om "Hydnefossen" og "Hydna" i Hemsedal. I: Bjørkum, Andreas m.fl. (red.) 1997, s. 409–410. /Opptrykk frå *Hallingdølen* 5.11.1975./
Vikør Lars S.: Norsk namnegransking sedd frå nordiskfaget. I: Bakken, Kristin (red.) 1997, s. 109–119.
Vikør, Lars S.: Rettskrivingsprinsipp og stadnamnnormering. I: Jarle Bondevik m.fl. (red.): *Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen.* Bergen 1997, s. 200–214.
V[ikør], L[ars] S.: [Omtale av] Jarle Bondevik m.fl. (red.): *Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen.* Bergen 1997. I: *Nytt om namn* 25 (1997), s. 44–45
V[ikør], L[ars] S.: [Omtale av] Svante Strandberg (red.): *Ortnamn i språk och samhälle. Hyllningsskrift till Lars Hellberg.* (Nomina Germanica 22.) Uppsala 1997. I: *Nytt om namn* 26 (1997), s. 33–34.

Vintermyr, Erik: Stedsnavn i undervisningen i den videregående skole. I: Bakken, Kristin (red.) 1997, s. 141–158.
Aarset, Terje: Sjå Kruken, Kristoffer.

1996 – TILLEGG

Aljoksjina, Maria: Proper names and grammatical category of number. The Norwegian proper names review. I: Lilya Popova og Yuri Kuzmenko (red.): *Berkovsbók*. [Festskrift til Valerij P. Berkov.] Moskva 1996, s. 15–30.
Asheim, Vidar: Navn i kulturlandskapet. I: *Follominne* 34 (1996), s. 6–20.
Broe, Unni, Botolv Helleland og Felix Vidal: *Gardermoens historie sett gjennom stedsnavn og kart*. Utg. for Oslo Lufthavn AS av Rosland AS. Oslo 1996. 48 sider.
Dalen, Arnold: Gardsnamna i Ytterbygda. I: Ivar Berre (red.): *Skogn Historie XI. Ytre Skogn 1*. [Levanger 1996], s. 13–25.
Hansen, Åse Kari: Språkkontakt i gammalt koloniområde. I: Anders M. Andersen (red.): *Nordisk filologi. Helsing til Egil Sundland på syttiårsdagen 14. februar 1996*. Avdeling for humanistiske fag. Høgskolen i Stavanger. 1996, s. 28–41.
Helleland, Botolv: Sjå Broe, Unni.
Jahr, Ernst Håkon: Nokre merknader om stadnamn i og kring Longyearbyen. Opplegg til eit onomatologisk granskingsprosjekt på Svalbard. I: Lilya Popova og Yuri Kuzmenko (red.): *Berkovsbók*. [Festskrift til Valerij P. Berkov.] Moskva 1996, s. 115–120.
Jenstad, Tore Erik: Rett namn på rett stad. Korleis få gode planleggjarnamn? I: *Kommunale tema. Forum for kommunal sektor* 2. Utg. av Kommunal Opplæring, Møre og Romsdal. Molde 1996, s. 13–22.
Melnikova, Elena A.: Scandinavian personal names in Ancient Rus. I: Lilya Popova og Yuri Kuzmenko (red.): *Berkovsbók*. [Festskrift til Valerij P. Berkov.] Moskva 1996, s. 211–221.
Norsk språkråd: *Navn i neon: Et tilbud til bedrifter, etater og organisasjoner*. Oslo 1996. 4 sider.
Schulze, Johan A.: Ymist frå Solum i ord og stadnamn. I: *Talatrosten* 30 (1996), s. 106-107
Strømsøe, Birger: *Kjetterske tanker omkring tolkningen av eldgamle stedsnavn*. Elverum 1996. 50 + 1 upag. side.
Vidal, Felix: Sjå Broe, Unni.
Winge, Harald: Om å få sine rette navn tilbake. *Aftenposten* 29.1.96. /Nytt innlegg om same emne (namn i bygdebøker) med supplerande opplysningar i *Aftenposten* 29.2.96./

NYTTIGE E-POSTADRESSER OG WEB-SIDER

Dersom du skal kontakta nokon i redaksjonen av *Nytt om namn,* så kan du nå dei på fylgjande e-postadresser:

Gulbrand Alhaug: **Gulbrand.Alhaug@hum.uit.no**
Peter Hallaråker: **Peter.Hallaraker@hivolda.no**
Botolv Helleland: **Botolv.Helleland@inl.uio.no**
Lars S. Vikør: **L.S.Vikor@inl.uio.no**

Vil du ha e-post-kontakt med redaksjonen av *Namn og Nemne,* så er adressa slik:

Gunnstein Akselberg: **Gunnstein.Akselberg@hf.uib.no**
Oddvar Nes: **Oddvar.Nes@hf.uib.no**

Vil du tinge bøker og skrifter frå Seksjon for namnegransking, kan du skrive, ringje, fakse eller e-poste:

Seksjon for namnegransking , Boks 1011 Blindern, 0315 OSLO
Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post **Gunhild.Birkeland@inl.uio.no**

Seksjonen har denne heimesida:
http://www.hf.uio.no/inl/an/an.htm

Dokumentasjonsprosjektet har denne heimesida:
http://www.dokpro.uio.no

Ortnamnsarkivet i Uppsala: **Arkiv@OAU.uu.se**

International Centre of Onomastics/ICOS:
Willy.Vanlangendonck@arts.kuleuven.ac.be

United Nations Group of Experts on Geographical Names (UNGEGN):
stabe@un.org

Heimesida til UNGEGN (som er eit eige oppslag under heimesida til the Canadian Permanent Committee on Geographical Names):
http://geonames.NRCan.gc.ca/english – opna så **United Nations** – deretter **United Nations and Geographical Names**.

Returadresse:

Seksjon for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 OSLO

ISSN 0800 – 4676